



ÅRSMELDING

2018



Foto: Peder Otto Dybvik

INNHALD

INNHALD	2
1. Innleiing	3
2. Trafikktryggingstiltak	11
3. Digital satsing i skulen.....	11
4. Frivilligsentralen	12
5. Folkehelsearbeid 2018	13
6. Sjukefråvær	16
7. Investeringar.....	18
8. Styringskortet.....	19
BRUKARPERSPEKTIVET	19
ØKONOMI OG RESSURSAR	23
ØKONOMIRAPPORT	25
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET	28
PROSESS OG FORNYING	30
9. ANALYSE AV REKNESKAPEN FOR 2018	32

1. Innleiing

Rådmannen legg med dette fram årsmeldinga som del av det samla årsoppgjeret for Haram kommune 2018. Årsmeldinga skal gi ei tilbakemelding på driftsåret, og omtalar hovudtal i den økonomiske drifta og økonomisk utvikling, teneste- og forvaltningsproduksjonen og perspektiv på trekk i samfunnsutviklinga i året som ligg bak oss.

Økonomi

Den reviderte rekneskapen for 2018 er gjort opp med eit samla overskot på 2,4 mill. kroner. Resultatet kjem i hovudsak som følgje av eit noko betre brutto driftsresultat enn budsjettet, med ekstra inntekstutjamning frå staten grunna høgare nasjonal skattevekst enn venta. Lågare renteutgifter og høgare renteinntekter enn budsjettet kompenserte i hovudsak fullt ut for den manglande avkastninga på finansformuen på slutten av året. Kommunen har store verdier plassert i aksje- og obligasjonsmarknaden. Utviklinga i kapital- og finansmarknadene gir store utslag på resultatet i ein kommune som vår. Dei siste 3 mnd snudde ei svært positiv utvikling til ei tilnærma null-avkastning på investeringsfondet i 2018.

Skatteinngangen i Haram er redusert siste åra og låg isolert sett under budsjett, men på grunn av høgare skatteinntekter på landsbasis fekk kommunen auka rammeoverføringar på 22,58 mill. kroner.

Skatteinntektene var ekstraordinært høge i 2018 og det er ikkje venta at utviklinga held fram.

Rekneskapen viser eit meirforbruk på 4,4 mill. kroner til ordinære driftsformål i forhold til det som var lagt opp til i budsjettet. Året har vore prega av mykje arbeid knytt til kommunesamanslåingsprosessen inn mot nye Ålesund. Det har vore ein del sjukefråvær, men samla sjukefråvær gjekk likevel litt ned frå året før og enda på 7%. Dette er i samsvar med fastsett mål.

Det er elles i Barn, familie og integreringseininga og Omsorgseininga dei største meirforbruka kjem fram, samt mindre overforbruk på Byggesak, landbruk og geodata og delar av Eigedom og teknisk. Noko vart varsla i 2.tertialrapport, men det samla overforbruket ligg ein god del høgare enn venta. Omsorgseininga slit framleis med høgt sjukefråvær og knappheit på riktig fagpersonell på rett stad til rett tid. Som konsekvens aukar bruk av overtid, forskyvingar av vakter og bruk av vikarbyrå. I tillegg har det vore mykje vikarbruk i samband med prosessar gåande i nye Ålesund og frikjøp av tillitsvalte/verneteneste. I periodar har eininga også ressurskrevjande brukarar over 67 år. Dette er kostnadskrevjande rettighetsbaserte tenester som er vanskeleg å forutsjå, og som eininga ikkje får refusjon for frå staten. For Barn, familie og integreringseininga er overskridingane blant anna knytt til framleis høge overføringar på sosialytingar, samt mykje lågare inntektsoverføringar enn budsjettet for ressurskrevjande brukarar. For nokre brukarar har deler av refusjonsgrunnlag falt bort, og sjølv om ein bruker like mykje ressursar, er det fordelt på fleire og ein kjem ikkje over eigenandelsgrensa på vel 1,2 mill per brukar. Ein ventar difor svikt i refusjonane i forhold til budsjett. For Eigedom og teknisk er overforbruk i hovudsak innan brannvernområdet grunna stor og auka aktivitet med øvingar i regi av Ålesund Brannvesen KF, og generelt fleire utrykningar.

Kommunen har over fleire år hatt fokus på streng budsjett disiplin og å forbetre rutine for intern budsjettkontroll så langt det let seg gjere. I 2017 vart det etablert tiltak for å betre budsjettkontrollen i einingane med størst overforbruk, og dette heldt fram i 2018. Nokre utgifts- og inntekstpostar kjem av ulike årsaker ikkje fram før på slutten av året, og er av den grunn vanskeleg å kontrollere. Samla ser ein likevel at overforbruket er marginalt, og ein ventar nokon korrigeringar i forbindelse revideringa av rekneskapen. Kommunen har arbeidd med omstilling over fleire år. Det kan no sjå ut som det vert meir og meir utfordrande for einingane å ta dei reelle kutta i driftsnivå, og ein dreg med seg ein del av utfordringane som var definert i 2017 over til nye år. Naturlegvis vart også 2018 i tillegg eit svært krevjande og uforutsigbart driftsår på grunn av kommunesamanslåingsprosessen som følgje av tvangsvedtak i Stortinget. Mykje ressursar måtte omdirigerast til prosessen og ein måtte også bruke mykje ekstra ressursar på vikarbruk og oppdekking for tillitsvalte og vernetenesta. Bakteppet var budsjettet for 2017 som vart lagt med utgangspunkt i at kommunen

framleis skulle fortsette som eigen kommune. Føresetnadene for budsjettet var basert på ein klar plan om omstilling og nedbemanning i samsvar med politiske vedtak. Omstillingsplanen vart vedtatt på bakgrunn av at kommunens samla driftsutgifter måtte reduserast over tid og for å tilpasse seg til strammare driftsrammer i økonomiplanperioden. Kommunestyret ønska ikkje å innføre eigedomsskatt. I praksis vart det ikkje muleg å kombinere drastiske omstillings- og nedbemanningsplanar med at kommunen også vart dratt inn i ein samanslåingsprosess som allereie var godt i gang i nabokommunane. Dei politiske signala var tydelege i 2018 budsjettet og budsjettrevideringane, om at ein no ikkje ønska ei nedskalering av drifta og at ein ønska å halde fram med om lag same tenestenivå.

Kommunen har vore gjennom ein prosess med økonomisk omstilling sidan 2010. Den budsjetterte bruken av finansmidlar til driftsformål er sterkt redusert som følge av prosessen. Kostra- tala viser at kommunen i større grad enn tidlegare har ein driftssituasjon som nærmar seg gjennomsnittet i Kostra- gruppa. Det største unntaket er framleis skuledrifta som ligg høgt når ein tar omsyn til at over 10% av elevane går i privat skule. Det er likevel verd å merke seg at kommunen framleis er avhengig av høg avkastning på kapitalformuen for å balansere budsjettet, og bruk av avkastning og fond er med å balansere budsjetta både i 2018 og 2019. Resultatet for 2018 ga ikkje den budsjetterte avkastninga og ga dermed begrensa mulegheit til auka avsetning til disposisjonsfond. Disposisjonsfondet er framleis ikkje robust nok til å tåle særlege svingingar i finansmarknaden frå år til år. I tillegg legg ein mykje av fondet inn igjen i drifta for å møte driftsutfordringane fram mot kommunesamanslåinga i 2020. Ein må vere budd på ein krevjande driftssituasjon i 2019, då fleire av tenesteområda framleis venteleg vil ha høgare driftsutgifter enn inntektene skulle tilsei, om ein skal oppretthalde dagens tenestenivå fram til samanslåing.

Utviklinga i netto driftsresultat er no negativ grunna auka bruk av disposisjonsfond for å balansere drifta. På sikt er ikkje dette berekraftig og ikkje å tråd med intensjonane i nye Ålesund. Det ureviderte resultatet for 2018 vart samla betre enn budsjettert, til tross for svikt i finansavkastning. Det kjem av at ein fekk ein god del høgare inntekter og mykje lågare renteutgifter enn venta. Over tid bør netto driftsresultat vere om lag 1,75% av brutto inntekter. Utviklinga siste åra viser stor variasjon og skuldast både at kommunens inntekter i form av rammeoverføringar har gått monaleg ned år for år, og at kommunens finansinntekter varierer. Resultata siste åra er som følgjer:

2012 (3,12%), 2013 (5,55%), 2014 (2,08%), 2015 (0,29%), 2016 (0,16%), 2017 (1,92%), 2018 (-0,93%)

Kommunen, med si relativt høge lånegjeld, er også eksponert for store utslag når rentevilkåra endrar seg på våre lån. Samla lånegjeld utgjer kr 967 mill. kroner, men størsteparten er i mindre grad utsett for eigen renterisiko (sjå eigen figur i analysedelen). Investeringsstilskotet frå Husbanken knytt til omsorgssenteret på Eidet, som kom seint i 2018, var med på å redusere den samla lånegjelda ned frå om lag 1050 mill i 2017. Netto renteutgifter vart lågare enn budsjettert grunna høgare renteinntekter på likviditet enn budsjettert, samt slakkare renteutvikling på låna. Kommunen har rentesikringstiltak i samsvar med gjeldande finansreglement, for å redusere eksponeringa forholdsmessig. Kommunen har nokre store investeringar under planlegging, og som er innarbeidd i økonomiplanen. Nye investeringsprosjekt bør sjåast i samanheng med mulegheit for betre og meir effektiv drift.

Det var knytt usikkerheit til skatteinngangen i 2018. Noko sviktande skatteinngang lokalt, men med positiv auke, vart kompensert gjennom utjamningsordninga. Utviklinga på landsbasis vart mykje betre enn både STB og RNB anslo. Aukande optimisme og betre utsikter for næringslivet også for vår del av landet gav eit godt løft i sysselsettinga, og ein kan også sjå ein nedgang i sosialytingar igjen etter fleire år med betydeleg vekst.

Tenesteproduksjon og tenesteutvikling

Det er stilt store forventningar til effektivisering i kommunal sektor frå sentrale styresmakter. Som KOSTRA-analysar har vist over tid, er utgifter til tenesteproduksjon i kommunen prioritert høgare enn inntektsgrunnlaget skulle tilsei. Dette trass i fleire omorganiseringar, strukturendringar og effektiviseringstiltak.

Noko av kostnadsnivået kan tilskrivas at tenester framleis blir levert på mange tenestestader, og det er lagt vekt på å oppretthalde eit kvalitativt godt og likeverdig tenestetilbod i alle delar av kommunen. Stordriftsfordelar let seg derfor ikkje utnytte fullt ut.

Som følgje av at kommunen var inne i ein kommunesamanslåingsprosess vart fokuset i 2018 lagt på å vedlikehalde tenestenivået og eksisterande tenestetilbod. Større omstillingar er sett på vent som følgje av samanslåingsprosessen. Tenestenivået til brukarar og publikum har vore på om lag same nivå som året før. Det er sett i gang kartlegging og gjennomgang av ulike tenesteområde som del av samanslåingsprosessen med sikte på harmonisering av tenestetilbodet i den nye kommunen som trer i kraft frå 2020. Eit eige notat med samanlikning av KOSTRA-tal frå samanslåingskommunane er utarbeidd som del av grunnlagsmaterialet. Notatet følgjer som eige vedlegg.

Kommunen har arbeidd med effektiviseringstiltak også i 2018 med sikte på betre utnytting av dei samla ressursane. Digitale løysingar som innføring av SvarUT/INN er tatt i bruk som førsteval i dialog med innbyggjarane. Digitalisering av interne arbeidsprosessar har fortsatt i 2018, og det vert arbeidd med innføring av velferdsteknologi gjennom ulike prosjekt saman med fleire kommunar. Arbeid på dette området har så langt muleg vore samordna med dei andre kommunane som skal danne ny kommune, og må også det i fortsettelsen.

I skulen er det sett i verk teknologiprojekt i undervisninga. I tillegg heldt ein i 2018 også fram satsingane med betre samordna tenester særskilt innanfor oppvekst, spesialundervisning, rus- og psykiatri og inn mot flyktingearbeidet. Formålet er både best muleg ressursutnytting og meir treffsikre tilbod i samsvar med brukarane sine behov. Eit systematisk samarbeid mellom kommunens tenester og NAV er vidareutvikla i 2018.

Det er aukande forventningar frå innbyggjarane til kommunens tenester både kvantitativt og kvalitativt. På nasjonalt nivå er det dei seinare åra sett klarare standardar og normkrav innan fleire tenesteområde. Kostnadsauke kjem hovudsakleg som følgje av nye og fleire brukarar med krav til rettighetsbaserte tenester, nye normkrav og krav til kompetanse og dokumentasjonskrav som krev ekstra ressursar. Framleis er ikkje alle nye statlege pålegg fullfinansiert, og det aukar presset på ein frå før pressa kommuneøkonomi. Eit større kommunalt ansvar innan rus- og psykiatritenesta er utfordrande og krev at kommunen utviklar tenestetilbodet. Frå 2019 vil det kome krav til betaling for utskrivingsklare pasientar i spesialisthelsetenesta på dette området også. I 2018 vart det gjort nokre endringar i ordninga med tildeling av tenester innan tilbodet til psykisk utviklingshemma som følgje av ein gjennomgang etter statleg tilsyn. Dette medførte noko auke i tilbodet til ein del brukarar. Nye utdanningskrav og normkrav i skular og barnehagar medfører auka kostnader til etter- og vidareutdanning. Kommunen har søkt prosjektstøtte og nytta nasjonale støtteordningar som har vore tilgjengelege, i tillegg til eigne ressursar, i arbeidet med å utvikle tenestene.

Med utsikt til lågare inntektsvekst i åra som kjem, vil det framleis vere behov for omstilling og rasjonalisering. Nye større endringar vil det vere opp til den nye kommunen å sette i verk. I 2019 vil fokuset vere å fullføre og avslutte det som er muleg av allereie pågåande aktivitetar i eigen kommune. Nordøyvegen står ferdig i 2022 og det vil også gi nye perspektiv på teneste- og samfunnsutviklinga særleg på øyane.

Det vart ikkje gjort større endringar i tenestestrukturar med verknad for 2018, men tidlegare vedtak vart arbeidd vidare med eller fullført. Renovering og ombygging av Haram kvileheim frå aldersbustad til fleire omsorgsbustader starta året før. Arbeidet vart ferdigstilt våren 2018. Basen for heimebaserte tenester vart frå same tid flytta hit frå Austnes. Saman med opning av Eidet omsorgssenter i 2017 medfører dette at kommunen no har ledig kapasitet på døgnbaserte omsorgsplassar, og er godt rusta med døgnplassar for å møte eldrebølgja om nokre år. Det er behov for fleire bustader til menneske med ulike behov. Det var planlagt å arbeide med oppdatering av boligsosial handlingsplan i 2018, men arbeidet fekk ikkje framdrift som planlagt, og fortset i 2019. Kommunestyret vedtok å avvente sal av Solbakken i den samanheng, og bustaden er no tatt delvis i bruk.

Kommunen kjøpte Vatne legekantor då eigarane ønska å avvikle drifta. Kommunen driftar no legekantoret, og legetilbodet er oppretthalde til innbyggjarane i området.

Planlegging av ny felles skule i Vatne /Tennfjord området starta i 2018, og det vart starta utgreiing av plassering av ny barnehage i området. Reguleringsplan for skuleområdet er venta ferdigstilt våren 2019. Det same gjeld utgreiing om barnehageplassering. Oppstart av planlegging av sjølve skulen vart utsett til 2019 av kapasitetsmessige grunnar, men vert sett trykk på våren 2019.

Kommunen vidareførte inngått vertskommunesamarbeid med Ålesund innan interkommunalt brannvern og det nye lovpålagde ØDH-tilbodet som starta opp i 2017. Haram er framleis vertskommune for landbruksforvaltning i kommunane Giske og Sandøy fram til 2020. Kommunen vedtok å tre ut av § 27-samarbeidet i e-kommune Sunnmøre som følgje av kommunesamanslåinga. IT-drift vert framleis ivaretatt gjennom vertskommunesamarbeidet med Ålesund, og utviklingsdelen av e-kommunesamarbeidet vert ivaretatt av prosjektorganisasjonen. Ut over dette har kommunen vore i stand til å levere det meste av lovpålagde basistjenester i eigen regi også i 2018.

Det nye tenestehuset i Brattvåg som er tilrettelagt for legekantor, helsestasjon, bibliotek, servicekantor/innbyggjartorg, ressursbase for barn og unge og ulike brukarretta tilbod innan oppvekst, omsorg, helse, rus-/psykiatri, samt tekniske tenester og administrasjon, skal stå ferdig sommaren 2019. I 2018 har det frå kommunen si side vore fokus på planlegging av interiør og fordeling/bruk av lokalitetane. Det vart lagt til rette for brei involvering og brukarundersøkingar blant tilsette med sikte på å oppnå best muleg funksjonalitet og større fleksibilitet i bruk av lokala i eit opnare arbeidsfellesskap. I 2019 må ein tilpasse lokalitetane ytterlegare når det endeleg er bestemt korleis tenestene skal vere lokalisert i den nye kommunen. Med bakgrunn i at dette ikkje var kjent i 2018, har det frå kommunen si side vore lagt stor vekt på mest muleg standardiserte og universelle interiørløysingar som kan nyttast for dei fleste formål.

Organisasjons- og medarbeiderutvikling

Gode og kompetente medarbeidarar er ein føresetnad for å levere gode tenester til innbyggjarane. Løn utgjør dei største kommunale utgiftene, og ein god personalpolitikk og medarbeidarar som trivest på jobb er ei god investering. Kommunen har klart å rekruttere kompetente medarbeidarar på dei fleste område. Det er særleg innan helse- og omsorgssektoren kommunen merkar konkurransen om kvalifisert arbeidskraft, og har av den grunn måtte nytta innleige og vikarbyrå i større omfang enn planlagt. Dette er ei utfordring kommunen deler med fleire, og ein må rekne med å nytte ulike verkemiddel for å søke å imøtekomme utfordringa i åra som kjem. Kommunen nyttar tiltak som er vedtatt i lønspolitisk plan. Det vart i tillegg vedtatt ekstraordinære tiltak for å møte konkurransen om sjukeplemangelen. Også innan læraryrket ventar ein større rekrutteringsutfordringar framover, då det er eit generasjonsskifte på gang.

Regjeringa har sett i gang satsinga "Lærarløftet - på lag for kunnskapsskolen". Kommune har hatt lærarar med i denne ordninga i skuleåret 2018/2019. Rekruttering av fastlegar er ei utfordring som mange kommunar merkar når nokon sluttar. Det er sett i gang eit arbeid på nasjonalt nivå for å sjå på rekrutteringsutfordringa. Kommunen prøver no ut ei ordning med kommunalt tilsette fastlegar ved Vatne legekantor.

Politiske vedtak om å arbeide for eit redusert sjukefråvær vart følgt opp også i 2018. Dette er omtala i eige kapittel. Sjukefråværet gjekk ned litt frå året før, og eit samla sjukefråvær på 7% er i samsvar med fastsette mål. Resultatet kan sjåast i samanheng med ekstra innsats med sjukefråværsproblematikken. Det er særleg gledeleg at sjukefråværet er redusert på arbeidsplassar der det var særst høgt, og i lys av at 2018 var eit krevjande år for mange tilsette med både ekstra arbeidspress og utryggleik i samband med kommunesamanslåinga.

Arbeidet med kommunesamanslåing fekk full tyngde i 2018 og involverte tilsette på alle nivå og frå alle fagtenester i kommunen. Trykket var særleg tungt på administrative nøkkelfunksjonar, men i heile organisasjonen merkast det når mange tilsette og leiarar/mellomleiarar får store tilleggsoppgåver med korte tidsfristar og stort fråvær grunna møteaktivitet. For dei fleste kjem dette i tillegg til ordinære arbeidsoppgåver. Det er grunn til å rose dei tilsette og arbeidstakarorganisasjonane for stå-på vilje og samarbeidsevne i denne situasjonen. Det har vore nødvendig å redusere ambisjonane på mange felt i eigen organisasjon for å kunne bidra til å halde framdrift i samanslåingsprosjektet. I 2019 vil ein merke dette enda sterkare. Både politisk og administrativ leiing må kjenne ansvar og bidra til å legge til rette for å bringe prosessen i mål. Det er nødvendig å redusere ambisjonane om kva kommunen skal kunne arbeide med i eigen regi i innspurten.

Likestilling

Haram kommune har om lag 611 årsverk og 832 tilsette (PAI-register). Som i kommunesektoren elles har Haram kommune ei stor overvekt kvinnelege medarbeidarar. Arbeidsstokken er fordelt med om lag 85 % kvinner og 15 % menn. Fordelinga har vore nokså stabil over år. Mellomleiarstjiktet speglar nokolunde den samla fordelinga, medan einingsleiargruppa (leiargruppa til rådmannen) har 50/50 fordeling mellom kvinner og menn.

Kommunen har som mål at den best kvalifiserte skal tilsettast i ledige stillingar. Når søkarar av begge kjønn står kvalifikasjonsmessig likt eller tilnærma likt, kan søkjarar av det kjønn som er underrepresentert verte føretrekt, i samsvar med formåla i likestillings- og diskrimineringslova. Kommunen har eigne etiske retningslinjer som set premisser for utøving av mynde og tenester både for folkevalde og tilsette. Som ledd i internkontrollen har Haram kommune også eit kvalitetssystem som både ivaretek dei reglar og retningslinjer som er gjeldande i kommunen, samt rapportering av avvik frå desse. Kommunen har gjennom sine rutinar både knytt til økonomihandsaming, tilsetting, personalsaker og brukarretta tenester eit system der det vert utøvd kontroll via fleire ledd. Det vert også gjennomført internkontroll knytt til HMS og ulike fagtenester. Det har i 2018 vore gjennomført medarbeidarundersøking i barnehageeininga. I 2019 er det planlagt medarbeidarundersøkingar i eit utval einingar.

Kommunen har også i 2018 tilbydd språkopplæring for tilsette gjennom eigne prosjekt innan omsorgstenestene og reinhaldstenestene. Dette er tenester med mange utanlandske medarbeidarar. I 2018 deltok kommunen i prosjektet Menn i Helse, og vi har 6 deltakarar som lærling/praksisplass innan omsorg i kommunen. Elles er det naturleg at eventuelle nye ekstraordinære tiltak framover blir samordna med kommunane som skal slåast saman.

Samfunn

Kommunens samfunnsretta engasjement er hovudsakleg forankra i kommunens strategiske kommuneplan med oppfølgande aktivitetar, interkommunalt samarbeid og prosjekt, samarbeid gjennom Haram Næring og Innovasjonsforum og frivillig sektor. Kommunen ønskjer å vere ein god samarbeidspart for andre samfunnsaktørar og legge til rette for næringsutvikling og busetting.

Samfunnsdelen av kommuneplanen har ikkje vore revidert i denne kommunestyreperioden, men var oppe til vurdering i kommunestyret i starten av perioden. Det vart då fastslått at gjeldande plan med mål og strategiar framleis var relevante for å sette retning på samfunnsutviklinga i perioden. Handlingsprogrammet er revidert i samband med økonomiplanarbeidet kvart år, så også i 2018. Dette var det siste året kommunen behandla denne planen. Frå 2019 vil dette vere ein del av arbeidet som må gjerast i samband med etablering av ny kommune.

Arealdelen av kommuneplanen er eit nyttig verktøy for å følgje opp måla i samfunnsdelen gjennom den fysiske planlegginga. Arbeidet med ny arealplan har vore høgt prioritert i 2018, og byggjer på strategiane i gjeldande samfunnsplan. Arealdelen av kommuneplanen vart lagt ut til offentleg høyring på slutten av 2018 etter eit omfattande planarbeid og prosess med involvering både frå innbyggjarar, næringsliv og politisk. Fast utval for plansaker har følgd arbeidet tett og hatt fleire temamøte om planen. Det var også temamøte i kommunestyret. I samband med høyringsprosessen vart det lagt opp til opne folkemøte på nyåret 2019 for å informere og skape engasjement om arealplanen. Det kom mange innspel til planutkastet og det gjenstår ein del før planen kan eigengodkjennast. Målet er likevel å ha ein godkjent ny arealplan i løpet av 2019 som kan leggast til grunn for planlegginga fram til ny felles arealplan kjem på plass i den nye kommunen.

Det statlege byregionprogrammet som var utgangspunkt for prosjektet Region Ålesund vart avslutta i 2018. Det var møte i styringsgruppa tidleg i 2019 for å drøfte vegen vidare. Styringsgruppa ønska vidare samarbeid i ei eller anna form. Uansett vil samarbeidet endre form når fem av dei sju kommunane blir ei, og samarbeidet må finansierast. Nokre aktivitetar og prosjekt som har delvis ekstern finansiering vil uansett bli vidareført i 2019, så som arbeidet med felles areal-, transport- og klimaplan, der arbeidet er godt i gang. Etablering av konferansefestivalen The North West starta i Region Ålesund-prosjektet. Dette er no eit eige heileigd offentleg aksjeselskap, og aktiviteten vidareført i regi av selskapet. Første arrangement gjekk av stabelen i april 2018, og neste arrangement er planlagt til april 2019. I kva grad ein klarer å utvikle konseptet i tråd med ambisjonane vil vere avhengig av eigarkommunane, finansiering og oppslutnad om arrangementa. Nye interkommunale samfunnsretta prosjekt er ikkje starta opp i 2018, ut over initiativ som er sett i gang i regi av prosjektorganisasjonen for Nye Ålesund.

Folketalsveksten heldt fram i 2018. Folketalet var 9383 ved utgangen av året, ein auke på 38 personar frå året før. Det var både fødselsoverskot og nettoinnflytting til kommunen i 2018. Det er gledeleg at kommunen no har ein god kjønnsbalanse i gruppa unge vaksne. I aldersgruppa 30-39 år var det i 2018 tilnærma balanse mellom kvinner og menn. Folketalsutviklinga er ikkje likt fordelt over heile kommunen. Trenden med størst vekst i dei mest sentrale tettstadsområda held fram. Tennfjord er framleis eit attraktivt tilflyttingsområde. Her er det størst etterspurnad etter nye utbyggingsområde. Det er også interesse for fleire sentrumsnære bustader i Brattvåg. Samla sett har kommunen bra med tilrettelagt utbyggingsareal, men ikkje alle stader viser seg å ha regional konkurransekraft. Arealdelen av kommuneplanen har attraktive bustadområde som eit sentralt tema. Det vert arbeidd med å tilrettelegge større område der etterspurnaden viser seg å vere størst, og som kan bidra til vidare utvikling av den nordre delen av den nye kommunen.

Kommunen har som mål å vere ein god vertskapskommune for næringslivet, og arbeider for dette på ulike måtar. Som vertskap for eit stadig meir globalisert næringsliv har kommunen fått merke verknaden av utfordringane i dei maritime næringane siste åra. Med ein sysselsettingsgrad på om lag 50% i sekundærnæringane, og mange av desse i konkurranseutsette næringar, vert lokalsamfunnet fort ramma når utviklinga i den globale økonomien endrar seg. Utsiktene i næringslivet betra seg i løpet av 2018. Ein bør likevel merke seg at tilpassingar til marknadssituasjonen fører til lågare sysselsettingsvekst. I 2018 viser statistikken at det er rundt 1900 registrerte arbeidsplassar i desse næringane, noko som er ein nedgang på ca 100 frå året før. Samla har det vore nedgang i sysselsettinga siste tiårs perioden, utan at det har fått same merksemd som i tilsvarande næringskommunar. Utviklinga i sysselsettingsgraden i dei verdiskapande næringane bør følgjast med stor interesse, då det har stor innverknad på samfunnet elles. I 2018 vart det kjent at Rolls Royce ville selje verksemdene i Møre og Romsdal. Salet til Kongsberg-gruppen vart godkjent i 1. kvartal 2019 og godt motteke i regionen. To verksemdar i Haram flaggar no under nytt namn.

Det er framleis stor inn- og utpendling mellom Haram og nabokommunane, særleg til og frå Ålesund. Arbeidslivet er også kjønnsdelt og kommunen er avhengig av ein velfungerande og dynamisk bu- og arbeidsmarknadsregion. Av kommunens innbyggjarar arbeider knappe 70 % av dei yrkesaktive innan eigen kommunegrense.

Arbeidsløysa var ved inngangen til året på 3,3 %, men var ved utgangen av året redusert til 2,2 %. Dette er på nivå med fylkes- og landsgjennomsnittet. NAV Haram kan vise til gode resultat i arbeidet med å få fleire ut i arbeidslivet i tett samarbeid med næringslivet, kommunen og Haram Næring og Innovasjonsforum (HNI) også i 2018.

Kommunen må framleis ha høgt fokus på å legge til rette for det verdiskapande næringslivet. Det har høgt fokus i arealplanarbeidet. Det formelle samarbeidet mellom kommune og næringsliv skjer gjennom deltaking i Haram Næring og Innovasjonsforum (HNI). Dagleg leiar gjekk av med pensjon i 2018 og ny vart tilsett tidleg på året. HNI har oppfølging av gründerar i Hoppid-kontoret gjennom partnerskapsavtalen med fylkeskommunen, og samarbeider også nært med Ålesund Kunnskapspark. Kommunen yter etableringsstøtte gjennom næringsfondet som også HNI er sekretariat for. Haramskonferansen vart avvikla med suksess også i 2018. Konferansen er blitt eit fast årleg arrangement og ein god merkevare for Haram. Nordøyvegen er løfta fram som eit viktig infrastrukturtiltak frå næringslivet si side, og saman med verksemdar i Sandøy engasjerte HNI seg sterkt i arbeidet med prosjektet i 2018. I arbeidet med organisering av den nye kommunen er det førebels ikkje tatt stilling til om det er aktuelt med endring i organisasjons- eller arbeidsform for HNI. Styret har sett spørsmålet om framtida til HNI på dagsorden.

Kommunen er ei av dei større landbrukskommunane i fylket. Landbruket utgjer 3% av sysselsettinga og har knapt 130 sysselsette. Samla sysselsetting i primærnæringane er ca 170. Kommunen opplever etterspurnad etter frådelling av tomter på landbruksareal og i nokre delar av kommunen press mot nedbygging av jordbruksareal. Nye statlege føringar for jordvern utfordrar kommunens sjølvråderett. Det er stort fokus i arealplanarbeidet på å få avklart dei viktigaste konfliktområda for vern og utbygging.

Kommunestyret og leiargruppa var i 2018 på dagars ekskursjon til Ålesund med samfunnsutvikling i regionen som tema. Ekskursjonen var også ledd i førebuingarbeidet til ny kommune. Turen inneheldt besøk til Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) og NTNU, og eit besøk til bystyresalen i Ålesund. Alle plassar vart vi møtt med førebudde innlegg og god informasjon. Det var også avhalde ordinært kommunestyremøte på NMK i samband med besøket.

Nordøyveg

Nordøyvegen var godt i gang etter oppstarten i 2017, men arbeidet stoppa sommaren 2018 etter at anbodet på hovudentreprise såg ut til å bli inn til 1,2 milliardar kroner dyrare enn venta. Etter iherdig innsats frå mange partar vart utbygging endeleg vedtatt i fylkestinget i desember, og Statens Vegvesen kunne signere kontrakt med hovudentreprenøren 21. desember 2018. Lokalt og regionalt var det stort engasjement for saka, og kommunane som skal danne Nye Ålesund vedtok å støtte vegprosjektet med 200 millionar kroner i tillegg til dei 160 mill som kommunane Sandøy og Haram tidlegare hadde inngått avtale om. Arbeidet på vegprosjektet kom i gang igjen tidleg i 2019 og vegen er venta å kunne opne i mai 2022. Vegprosjektet er viktig for å binde den nye kommunen saman.

Kommunereform

Samanslåing av kommunane Ørskog, Skodje, Haram, Sandøy og Ålesund er den største kommunesamanslåingsprosessen i landet i denne omgang, og skal gjelde frå 1.1.2020. Frå 2018 vart ein eigen prosjektorganisasjon med prosjektleiar etablert og arbeidet med å førebu den nye kommunen intensivert. Fellesnemnda beståande av politikarar frå alle kommunane har leia arbeidet saman med prosjektleiar. Ei rekke arbeidsgrupper og styringsgrupper vart sett i sving, og mange både tilsette og politikarar frå dei fem kommunane var involvert i arbeidet. Hovudfokus i 2018 var å førebu den praktiske samanslåinga av fem kommunar, administrativ og politiske organisering i den nye kommunen, samt førebu verksemdsoverdraging av dei tilsette til ny organisasjon. I arbeidet har også arbeidstakarorganisasjonane vore sterkt involvert. Den organisatoriske hovudstrukturen vart vedtatt i 2018 og ny toppleiargruppe tilsett.

Ingen frå «gamle» Haram går inn som toppleiar i den nye kommunen, men er delaktig i arbeidsoppgåvene for å kome i mål med prosessen fram mot samanslåingstidspunktet. Arbeidet pågår for fullt i 2019 og i løpet av våren skal prosessen med alle tilsettingar vere ferdig, og spørsmålet om lokalisering av tenester vere avgjort.

Å danne ein ny kommune av fem eksisterande kommunar er ein omfattande prosess. Kommunereformprosessen krev stor innsats frå alle partar, og har prega mykje av arbeidet i kommunen i 2018. Arbeidet stel merksemd og ressursar frå andre oppgåver og aktivitetar i kommunen. I tida fram til den nye kommunen ser dagens lys 1.1 2020 må ein vere innstilt på at etablering av arbeidet med overgangen til nykommunen krev meir og meir tid og ressursar, og at arbeidet i dagens kommune må konsentrerast om å avvikle kommunen på ein best muleg måte. Målet må likevel vere å fullføre oppstarta prosjekt og halde kommunen gåande og levere tenester på eit tilfredsstillande nivå det siste året i Haram kommune si historie.

Brattvåg 12. april 2019

Turid Hanken
rådmann

2. Trafikktryggingstiltak

Haram kommune har i 2018 gjennomført trafikktryggingstiltak med bygging av gang-/sykkelveg langs fylkesveg 106 og kommunevegen Solstrandvegen i Eidsvik-/Tennfjordområdet. Prosjektet omfattar 1100m gang-(sykkelveg frå byggefeltet i Eidsvika opp til Eidsvikeidet og frå krysset i Eidsvika til Tennfjordreset. Tiltaket vart finansiert gjennom vedtekne løyvingar i investeringsbudsjettet og med tilskot til trafikktryggingstiltak gjennom 50/50-ordninga frå fylkeskommunen.

Økonomisk ramme for prosjektet var kr. 8.6 mill fordelt med kr. 4,3 mill på kommunen og kr. 4,3 mill. på fylkeskommunen ,



Deler av gang-/sykkelvegen sett frå Eidsvikeidet mot Eidsvika

Utbygginga vart utført i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Innløyising av grunn blei gjennomført etter avtalar med grunneigarane der prisen vart fastsett gjennom avtaleskjønn. Det var semje med grunneigarane og det vart ikkje naudsynt med oreigning av grunn.

Haram kommune har stått for detaljprosjektering, utlysing, innhenting av anbod og val av entreprenør. Arbeidet vart tildelt og utført av Aco Entreprenør AS.

Prosjektet er eit godt tiltak som vil trygge ferdsel for alle og særdeles alle skuleborn til og frå byggefelt i Eidsvika og skulane i Tennfjord og på Eidet. Prosjektet blei levert ferdig innafor tidsfrist og innafor kostnadsramme.

3. Digital satsing i skulen

Grunnskuleeininga i Haram starta i 2018 bygginga av ein moderne It-park slik at Haramskulane skal ha eigen Ipad til alle elevar i 1.-4. trinn, samt eigen pc til alle elevar på 5.-10. trinn. Det vart kjøpt inn ladeskap, dockingstasjonar, headsett, straumkablar, lisensar og programvare. Ei 40% stilling er nytta som it-inspirator for å bygge kompetanse internt på dei 9 skulane. Alle skulane i Haram søkte midlar frå den teknologiske skulesekken frå Utdanningsdirektoratet og fekk til saman 919.000 kr til å starte digitale prosjekt og skaparverkstadar på eigne skular.

Fagleg er det fokus på å bygge ein basiskompetanse både blant lærarar og elevar. Det blir arbeidd med programmering og koding. Interaktive tavler og interaktive fortellingar er viktig for å spreie begeistring. Samarbeid og etiske val er det også fokus på. Det blir nytta aukande midlar til digitale lisensar i basisfaga.

Noko av midlane vart nytta til å kjøpe inn First Lego-utstyr til alle skulane i Haram. Dette har ført til stor teknologiaktivitet på skulane, der også foreldra sin kompetanse på fleire skular har vore trekt inn og nytta i undervisninga. First Lego league har særleg fokus på 7. triinn og dette trinnet ved Tennfjord skule vann turneringa på Nordre Sunnmøre og fekk delta på den nasjonale konkurransen i Oslo.

Alle 6. og 9. klassene har vore ein dag på Newtonrommet i Ålesund. På 6. trinn skal elevane utforske strategiar for å rekne ut omkrins av sirkular og andre todimensjonale figurar. Elevane må planlegge og utføre målingar, og dei blir utfordra til å presentere og ha ein samtale om eigne val av matematiske strategiar. Elevane på 9. trinn skal få nye erfaringar og kunnskap om produksjon av elektrisk energi frå fornybare og ikkje-fornybar energi. Det vil vere faglege innleingar, praktisk arbeid i grupper og samtale i plenum.

4. Frivilligsentralen

Haram kommune har også i 2018 hatt frivilligsentral. Tidlegare leiar slutta i 2017 og ny leiar (Frivilligkoordinator) kom på plass frå mai 2018. Etter omorganisering i 2017 er ikkje frivilligsentralen lenger underlagt eit eige styre, men er underlagt rådmannen innanfor kulturområdet.

Friskus

I mai var det møte i Nye Ålesund om frivillig-plattformer som skulle prøvast ut. Nettverktøy som skal hjelpe koordinatorar og leiarar med samhandling mellom frivillige og dei som treng hjelp. Ein fekk presentert to løysingar som skulle prøvast ut i kommunane i Nye Ålesund kommune for å finne ut kva som passar den nye kommunen best. Det enda med at Haram Kommune, med frivilligkoordinator og folkehelsekoordinator i spissen skulle prøve ut nettportalen Friskus medan Skodje og Ålesund skulle prøve ut ei anna plattform som er kalla Nyby.



Friskus er ein digital møteplass og samhandlingsplattform for frivilligheit. Frivillige lag og organisasjonar samt tilsette i kommunen har hatt ein del møte for både opplæring og framdrift. Friskus har ein brukarvennleg aktivitetsskalender der vi kan samle arrangement og frivillige oppdrag i kommunen. Dette er ein flott arena for å samle frivillig aktivitet og engasjement på ein plass. På den måten både gjere det enklare å rekruttere, men også gi innbyggjarane høve til å bli kjent med det som skjer i kommunen og bli med på ulike aktivitetar.

Etter prøveperioden er de meininga at ein skal ta stilling til kva plattform som skal nyttast i den nye kommunen. Dette vil skje i løpet av 2019.

Nettverksmøte:

Haram kommune deltek på nettverksmøte for alle leiarane for frivilligsentralane/frivilligkoordinatorane i området. Dette er samlingar for å utveksle erfaring og nyttig informasjon. Samlingane har vist seg å vere nyttig for å innhente kunnskap og utvikling for å skape ei levande og god kommune å bu i. Ikkje minst får ein sjå kor mykje fin frivilligheit det er på ulike område. Frivilligheit er med på å skape eit levande samfunn.

Frivillig Møre og Romsdal:

I løpet av hausthalvåret har Frivillig Møre og Romsdal blitt stifta. Dei fleste frivilligsentralane var einige om at dette var ein god ide, slik at ein kunne sterkare i både drift og søknadsprosessar. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe for arbeidet, og ut på seinhausten var det satt eit styre og framdriftsplan for stiftinga. Inspirasjonen kom frå stiftinga dei gjorde i Rogaland, med Frivillig Rogaland.

Generelt:

Samla sett har året i 2018 vore innhaldsrikt og erfaringsmessig godt for ny frivilligkoordinator. Det har vore mange fine møter med menneske rundt om i den langstrakte kommunen og fleire er planlagt i 2019. Nettportalen Friskus har vore i fokus. Det var viktig at ein fekk lansert og brukt dette verktøyet før ein skulle evaluere det i 2019, og bli einige om ein felles nettplattform for frivilligheit i den nye kommunen frå 2020. Ein vil fortsette arbeidet med nettportalen i 2019 saman med aktuelle samarbeidspartar.

Ein har starta arbeidet med å besøke frivillige lag og organisasjonar i kommunen, noko som vil fortsette i 2019. Det er veldig mykje god frivilligheit i kommunen som er godt drive av erfarne folk over mange år. Det kjem og nye tilskot til frivillige lag og organisasjonar gjennom eldsjeler som jobbar for lokalsamfunna våre.

5. Folkehelsearbeid 2018

Haram kommune har også i 2018 hatt folkehelsekoordinator tilsett i 50 % stilling. Stillinga er plassert i eining for Helsetenester.

Samfunnsutvikling for ein god start i livet

Oversikta over helsetilstanden viser at psykisk helse er eit viktig innsatsområde, der ein må tenke langsiktig og systematisk innsats. Kommunen har utarbeida ein tverrsektoriell handlingplan for psykisk helse for born og unge i Haram. Planen skal sikre born i barnehagen og skule eit godt psykososialt miljø, auke kunnskap og kompetanse om psykisk helse, sikre betre oppfølging av born med psykiske vanskar og lidingar og sikre tverrfaglig samarbeid til born med særlege behov.

I arbeidet med arealdelen av kommuneplanen er det krav til leikeareal som skal fremje fysisk aktivitet og rekreasjon til ulike årstider, sosialt samvær mellom innbyggjarane i bustadområdet, samt samhandling mellom ulike aldersgrupper.

Haram Kommune vart nominert til årets MOT-partner kommune 2017/18. Alle skular er med i programmet "Skulen som samfunnsbygger".



Helsevennleg arbeidsliv

Stikk UT! bedrift retter seg mot arbeidsplassar som ønsker å førebygge sjukefråvær og motivere tilsette til fysisk aktivitet og positive naturopplevingar. I Haram kommune har fleire bedrifter vore med på Stikk UT! bedrift i 2018.

Haram kommune er ein del av prosjektet NED med sjukefråværet. Dette er eit samarbeid med NAV for å bidra til å redusere sjukefråværet i kommunar i Noreg som over tid har hatt 10 % sjukefråvær. I Haram har hovudfokuset vore retta mot arbeidsplassar med det høgaste fråveret.

Det har vore halde konferansar i alle kommunane for å vise samanhengane mellom meistringsorientert leiging og redusert sjukefråvær, og for å støtte opp under kommunanes vidare arbeid for å få til ein varig reduksjon. I Haram har det vore oppfølging gjennom samlingar på dei einskilde arbeidsstadane der ein har jobba seg fram til konkrete tiltak. Arbeidet held fram og i 2019 med vidare oppfølging av workshopane som har vore og tiltaka som vart sett i gang. Arbeidet med NED heng i hop med arbeidet rundt 10 faktor.

Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Ei arbeidsgruppe samansett av ulike fagpersonar og brukarrepresentant har jobba fram ein plan for habilitering og rehabilitering. Målsettinga er å bidra til å bevare eller betre mennesket si moglegheit for deltaking i eige liv. Kommunen skal jobbe førebyggjande og sikre tilbod som bidreg til læring og meistring.

Kommunen ynskjer å skape permanente lokale lavterskel-møteplassar i heile kommunen for å forebygge einsemd blant eldre som bur aleine eller er ufrivillig isolert på grunn av geografiske årsaker. Gjennom tilskot og tverrsektorielt samarbeid vil vi etablere lavterskel-møteplassar på biblioteka for alle eldre i lokalsamfunnet.

Kvardagsrehabilitering har blitt eit etablert tilbod i kommunen etter avslutta prosjektperiode. Eit slikt tilbod bidreg til å hjelpe innbyggjarar til å vere mest mogleg sjølvhjelpen i eige liv og kunne bu heime lengst mogleg.

Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Barnetrakk er ein metode å kartlegge korleis born brukar arealet i nærmiljøet sitt og gir dei moglegheit til medverknad i planlegging av staden der dei bur. Barnehagane nytta manuell registrering der dei fekk utdelt kart /flyfoto medan alle 5.klassingane fekk registrere digitalt. Planleggjar, folkehelsekoordinator, næringsrådgjevar og barnerepresentant reiste rundt på skulane for å registrere og reflektere saman med borna og lærarar. Rapporten frå barnetrakk er nyttig informasjon som grunnlagsmateriale i arbeidet med rullering av arealplan.

Skulevegen til Tennfjord barneskule har blitt tryggare ved etablering av gang- og sykkelvegnett i Eidsvik og Tennfjordområdet. Dette håper vi kan stimulere til mindre bruk av bil som transportmiddel og auka bruk av sykkel.

Haram Kommune ved folkehelsekoordinator og skuleeining har for andre året på rad fått sponsa gratis refleksvestar til born på ulike skular i kommunen.

Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Friskus er ein digital møteplass og samhandlingsplattform for frivilligheit som Haram Kommune har vore så heldige å få byrje å ta i bruk. Frivillige lag og organisasjonar samt tilsette i kommunen har hatt jamlege møter for både opplæring og framdrift. Friskus har ein brukarvennleg aktivitetsskalender der vi samlar arrangement

og frivillige oppdrag i Haram Kommunen. Dette er ein flott arena for vise mangfaldet av frivillig aktivitet og engasjement på ein plass. Og på den måte gjere det enklare å rekruttere men også gi innbyggjarane høve til å bli kjent med det som skjer i kommunen og bli med på ulike aktivitetar.

Haram folkebibliotek er eit aktivt og inkluderande bibliotek med eit mangfald av aktivitetar. Biblioteket saman med frivilligkoordinator og næringsrådgivar har etablert "Haram kvinner" ein møteplass og ressursbank for alle kvinner.



Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Det blei gjennomført Ungdata-undersøking våren 2017. Ungdomsrådet har jobba vidare med resultata etter ungdatabundersøkinga og inviterte alle elevråd, tilsette som jobbar med born og unge samt politikarar til ein elevrådskonferanse med psykisk helse og rus på dagsorden hausten 2018. I samarbeid med mental Helse Haram blei det ein givande dag med foredrag frå Go'nok, presentasjon av Ungdata-resultat frå folkehelsekoordinator og KoRus og gruppearbeid knytt til resultata. I etterkant denne dagen var representantar frå ungdomsrådet i kommunestyret for å orientere kort om dagen og sette politisk fokus på både ressursane og utfordringane som kom fram på elevrådskonferansen.

Folkehelse i nye Ålesund

Kommunen er i ein prosess der vi skal slå oss saman med Skodje, Sandøy, Ørskog og Ålesund. Den nye kommunen skal vere i drift frå 1.1.2020

I samband med dette har folkehelsekoordinatorane vore i faggruppe for å kartlegge kva arbeidsoppgåver som utførast av folkehelsekoordinatorar i dag, dagens organisering i dei ulike kommunane og kva utfordringar vi ser på folkehelseområdet.

6. Sjukefråvær

Statistikken for 4. kvartal 2018 viser eit samla sjukefråvær i kommunen på 7,0 %.

Det samla fråværet for heile 2018 er også på 7,0 %.

Haram kommune har som målsetting at sjukefråværet gjennom året skal være på 7 % eller lågare, og det er derfor gledeleg å sjå at vi i 2018 klarte å tangere denne grensa.

Tilsvarande tal for 2017 var 7,7 % sjukefråvær for 4. kvartal og 7,8 % samla for heile 2017.

Samanlikna med 2017 har kommunen lågare fråvær både samla for heile 2018 og for dei enkelte kvartala i året. For dei fleste einingane ligg det totale sjukefråværet for heile 2018 under det totale fråværet i 2017.

EINING	1. kvartal		2. kvartal		3. kvartal		4. kvartal		Sum	
	2018	2017	2018	2017	2018	2017	2018	2017	2018	2017
Stab/støtte	3,3 %	4,8 %	3,1 %	6,4 %	4,0 %	5,1 %	6,7 %	3,6 %	4,1 %	5,4 %
Grunnskuletenester	7,2 %	8,9 %	5,8 %	5,0 %	4,1 %	2,8 %	6,0 %	6,0 %	5,8 %	5,1 %
Barnehagetenester	11,5 %	11,9 %	10,1 %	12,1 %	3,9 %	7,6 %	7,5 %	11,5 %	8,2 %	9,5 %
Familie, barn og integrering	4,4 %	5,5 %	3,4 %	6,2 %	2,3 %	4,3 %	5,4 %	4,8 %	4,1 %	5,2 %
Helsetenester	9,3 %	7,0 %	7,6 %	4,3 %	4,9 %	4,7 %	7,6 %	7,6 %	7,7 %	6,1 %
Omsorgstenester	10,7 %	15,5 %	9,0 %	14,0 %	6,5 %	10,7 %	8,3 %	9,8 %	8,9 %	11,4 %
Byggesak, landbruk og arealforv.	1,2 %	13,2 %	1,4 %	11,9 %	1,5 %	8,7 %	4,1 %	1,4 %	2,1 %	7,9 %
Eigedom og teknisk drift	7,8 %	8,9 %	10,6 %	9,8 %	6,2 %	6,5 %	6,1 %	8,3 %	7,8 %	7,9 %
Kultur, fritid og miljø	4,4 %	16,6 %	4,3 %	7,0 %	5,1 %	4,3 %	6,7 %	0,4 %	5,2 %	4,6 %
SAMLA HEILE KOMMUNEN:	8,4 %	10,7 %	7,2 %	9,1 %	4,8 %	6,4 %	7,0 %	7,7 %	7,0 %	7,8 %

Fråværet varierar gjennom året der 1. og 4. kvartal normalt ligg høgst, og 3. kvartal ligg lågast (der ferieavviklinga er ein del av grunnlaget).

For det siste kvartalet i 2018 er ikkje variasjonane mellom einingane så store som tidlegare - det varierer her frå 4,1 % til 8,3 %.

Medan samla for heile 2018 varierer tala for einingane frå 2,1 % til 8,9 %.

Sjukefråværet fordeler seg slik etter kategori og lengde for 1., 2. 3. og 4. kvartal 2018:

	1.kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	Heile 2018 (17)
Eigenmeldt fråvær 1-24 dagar	1,6 %	1,0 %	0,6 %	1,00 %	1,1 (1,1)%
Legemeldt fråvær 1-16 dagar	1,2 %	0,7 %	1,1 %	0,90 %	0,9 (1,0)%
Legemeldt fråvær > 16 dagar	5,7 %	5,5 %	3,1 %	5,10 %	5,0 (4,9)%

Fordeling mellom kvinner og menn 1., 2., 3. og 4. kvartal:

	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Heile 2018 (17)
Kvinner:	9,4 %	8,3 %	5,2 %	7,50 %	7,7 (7,7)%
Menn:	3,3 %	1,8 %	2,8 %	4,30 %	3,3 (2,9)%

I forhold til tiltaka som er sett i gang for å auke nærværet og redusere sjukefråværet i kommunen, så har alle avdelingar som er med i NED-satsinga, bortsett frå to, hatt lokal NED-workshop i 2018. Hausten 2018 gjennomførte også Barnehageeininga medarbeidarundersøkinga 10-faktor.

Fråværestala for 2018 viser at sjukefråværet i alle avdelingane som er med i NED-satsinga har gått betydeleg ned frå 1. til 4. kvartal. Sjølv om det kan vere litt tidleg å konkludere med at NED-satsinga har gitt merkbare

resultat, så tyder alt på at fokuset og bevisstgjeringa rundt kommunen sitt arbeid med å få ned sjukefråværet har vore med på å påverke fråværet.

Ein kan konstatere at Haram kommune har nådd målsettinga om at sjukefråværet gjennom året skal være på 7 % eller lågare. Utfordringa for 2019 blir å få ned sjukefråværet ytterlegare, slik at sjukefråværet gjennom året vil ligge lågare enn 7 %.

Ein har håp om at arbeidet med NED-satsinga og 10-faktorundersøkjinga har god innverknad på sjukefråværet og håpar denne satsinga vil ha høg fokus vidare på alle plan i 2019.

7. Investeringar

Haram kommune har gjennomført investeringar i 2018 til ein netto kostnad på ca 47 millionar kroner. Kommunen har i 2018 mottatt tilskot knytt til Eidet omsorgssenter på ca. 98,6 millionar kroner og seld kommunale eigedomar og bygg for ca. 12,8 millionar kroner.

Område		Rekneskap	Kommentar
11	Stab/støtte	3 815 332	Felleskostnadar innanfor IKT, samt ca. 2,7 millionar til IKT-investeringar innanfor grunnskule. Det er ikkje gjennomført strategiske grunnkjøp i 2018.
13	Kyrkjeleg fellesråd	799 804	Prioriterte prosjekt innanfor fellesrådet sitt område
21	Grunnskule	7 773 494	Grunnkjøp ny skule på Eidet, samt fordelte IKT-investeringar innanfor skule
23	Barnehage	42 710	Fordelte IKT-investering barnehage
25	Barn, familie og integrering	18 152	Fordelt IKT-investering PPT
31	Helsetenester	800 000	Kjøp av Vatne legekantor
33	Omsorgstenester	-96 531 691	Tilskot ca. 98,6 millionar, inventar omsorgssenter Eidet ca. kr 1.192.000 og IKT-investering velferdsteknologi ca. kr 868.000.
51	Byggesak, landbruk og arealforvaltning	25 119	Fordelt IKT-investering BLA
52	Vassforsyning	4 002 621	Renovering vassleidningsnett
	Avløp	4 024 840	Renovering avløpsnett
	Veg	7 898 762	Gangveg Eidsvik
	Byggefelt	-287 876	Sal av tomter
	Kommunehus	505 722	Kostnadar tenestehus
	Kommunalle formålsbygg	-11 475 729	Sal av formålsbygg
	Utleige av hus mm	-471 168	Sal utleigebustad
	Utleigeareal Næring-kjøkken	1 755 981	Renovering kulturkafe. Eiga sak.
	Diverse kommunale bygg	11 101 273	Renovering ifølge vedlikehaldsplan
Brannvern	868 540	Køyretøy og utstyr brannvern. Eiga sak	
53	Kultur og miljø	1 089 966	Kostnadar svømmeanlegg Brattvåg ca kr 760.000, IKT-investering utlånsautomatar ca. kr 330.000
TOTALT		-64 244 148	

8. Styringskortet

BRUKARPERSPEKTIVET	
Hovudmål	Haram kommune leverer moderne og brukarretta tenester, i samspel med innbyggjarar / omgivnader
Fokusområde 2018	Forpliktande tverrsektoriell og tverrfagleg samhandling. Førebuing/arbeid knytt til danninga av den nye kommunen.
Suksessfaktorar	B1 <ul style="list-style-type: none"> • Gode system for kommunikasjon og dialog der ein og tar sikte på at forventningane skal tilpassast moglegheitene. • Forpliktande tverrfagleg samhandling i organisasjonen • Systematisk arbeid med prioriterte satsingsområde.

Årsrapport 2018:

Prestasjonsmål 2018	Måleparameter
B1 a) Innbyggjarane skal til ei kvar tid vere orientert om prosessen med danninga av ny kommune i samsvar med vedtatt kommunikasjonsstrategi.	B1 a) Beskrive aktivitetar og utfordringar vidare.
<p>Nye Ålesund kommune legg løpande ut informasjon på si nettside. Link til denne sida ligg på kommunen si nettside, og aktuelle tema vert og kunngjort gjennom facebook. Det er og utsendt informasjon gjennom posten. På portalen ligg og sakene som vert behandla av politiske organ og partssamansett utval. Mengda med informasjon vert stor, og det vil variere kor mykje av informasjonen som vert lest. Innbyggjarane har likevel ei moglegheit til å få den informasjonen ein ønskjer.</p>	
b) Elektronisk kommunikasjon skal vere etablert på aktuelle område, og vere førstevalget i dialogen med innbyggjarane.	b) Når elektronisk kommunikasjon er tatt i bruk på nye område.
<p>Kommunen tok ved årsskiftet 2017/2018 i bruk KS SvarUt og SvarInn. Etter ei prøveperiode vart dette tatt i bruk av alle som nyttar kommunen sitt saksbehandlingssystem Acos websak. Gjennom SvarUt kan kommunen sende sikker digital post ut til innbyggjarane, her under post som ikkje er offentleg. Dei som har reservert seg mot digital post, eller ikkje hentar ned sendinga får likevel sendinga som vanlig post etter nokre dagar. Ordninga sparer tid og kostnader. Gjennom SvarInn får kommunen post frå andre offentleg instansar direkte inn i mottaket i saksbehandlingssystemet. I 2018 er SvarUt og SvarInn også tatt i bruk innanfor PPT gjennom fagsystemet Visma Flyt PPT. Det er meininga at SvarUt og SvarInn også skal takast i bruk innanfor andre fagsystem seinare.</p>	
c) Gjennom forpliktande tverrfagleg samhandling legges til rette for at barn og unge kan meistre eige liv, kjenne seg trygge, inkludert og verdsett (ma. psykisk helse , fattigdomsproblematikk , adferd og tilrettelagte tilbod for barn og unge med nedsatt funksjonsevne)	c) Beskrive tiltak, prosessar, status og utfordringar vidare

Satsingsområde i SFBU i 2018 har vore psykisk helsearbeid for barn og unge. Gjennom året har SFBU Haram jobba med temaet både internt – på tvers av fag, nivå og einingar i kommunen, og eksternt, via Mission Possible.

Det har vore arbeidd med kartlegging av kva tiltak vi har, kva tiltak vi treng og utvikling av ein heilskapleg plan for psykisk helsearbeid, med tiltak på ulike nivå:

1. Folkehelsenivået – redusere faktorar som svekker psykisk helse, styrke faktorar som fremmer psykisk helse - tiltak som gjeld heile befolkninga.
2. Universelt nivå – tiltak som gjeld alle barn og unge – td. systematisk innsats i helsestasjon, barnehagar, skulehelsetenesta og grunnskule.
3. Selektert nivå – tidleg innsats ift risikobarn / risikogrupper – tiltak som kan snu uheldig utvikling tidleg.
4. Indikert nivå – hjelp til barn og unge med psykiske vanskar/lidingar –individuell hjelp og oppfølging over tid.

Planen vert ferdigstilt våren 2019, og implementert frå hausten 2019.

d) Etablering av felles organisering for saksbehandling innanfor helse og omsorg for å oppnå likeverdig vurdering .

d) Når felles organisering for saksbehandling av tenester innanfor helse og omsorg er etablert.

På våren starta ein førebuing av felles organisering for saksbehandling, for å prøve ut at Tildelingskontoret skulle tildele tenester både frå Omsorg og frå Team for psykisk helsearbeid og rus. På grunn av redusert kapasitet ved tildelingskontoret (vakanse), let det seg ikkje gjere å gjennomføre denne utprøvinga. Ein fekk laga ein del grunndokument saman, men ikkje prøvt ut i praksis med felles tildeling. Framdrift i dette arbeidet vert no tilpassa med aktivitet i Nye Ålesund.

e) Ta i bruk velferdsteknologi på aktuelle område

e) Beskrive tiltak, prosessar, status og utfordringar vidare

Velferdsteknologi er ei satsing i Haram kommune og ein er no pilot innanfor fleire område ma. det å ta i bruk digitale natt-tilsyn både på omsorgssenter og i privat heim. Heimebasert omsorg har også tatt i bruk elektroniske medisindispensarar og døralarmar, samt GPS. Ny teknologi skal gi brukarar friheit, trygghet og meistring. Helseeininga har tatt i bruk Memoplanner som er eit planleggingsverktøy brukt i bustadar for personar med utviklingshemming.

Haram kommune er deltakar i både nasjonal velferdsteknologi og innføring av velferdsteknologi i Haram. Vi har personar som er frikjøpt for å implementere ny teknologi.

Prosjektgruppa har hatt workshop, internundervisning, kursing og deltatt på stand saman med ALV Møre. Prosjektleiari har vore i eldrerådet, høyrslagslag og i ulike andre lag og organisasjonar.

Fylkesmannen gav støtte til sosial robot som var på utprøving på Eidet omsorgssenter hausten 2017/ vår 2018. Dette var prototype og den første i landet som vart prøvd ut i forhold til eldre i omsorgssenter. Teknologien er under utvikling og er banebrytande i sitt slag.

f) Byggjeprojekt som kommunestyret har fatta vedtak om å utgreie skal vere utgreidd

f) Når byggjeprojekta er ferdig utgreidd og lagt fram sak på.

i. Skule Eidet

ii. Utviding av barnehagetilbodet i området Tennfjord - Vatneidet (k - sak 088/17)

iii. Symjeanlegg

i. Kommunen har starta arbeidet med å få på plass prosjektleiing som skal bistå kommunen med planlegging av prosjektet og utlysing av prosjektet på anbod. Ein har vore i kontakt med Ålesund kommunale Eiendom KF om dei kunne bistå, men pga. manglande kapasitet let dette seg ikkje gjere. Ein må derfor kjøpe inn tenester utanfrå. Arbeidet er litt forseinka, men vil ha fullt fokus frå 2019.

ii. Sak var oppe i 2. tertial 2018, der ein skulle gå vidare med utgreiing av 2 alternativ. Det eine var ny barnehage samlokalisert med ny barneskule på Eidet, det andre alternativet var utgreiing og prosjektskisse av ombygging av barneskulen i Tennfjorden. Det vert lagt fram politisk sak på dette vår 2019.

iii. Kommunestyret vedtok i mai å gjennomføre skisseprosjekt for nytt badeanlegg, for alternativa:
· Folkebad i Brattvåg sentrum
· Opplæringscenter - renovering/påbygg til symjehallen.

Arbeidsgruppa som har arbeidd med prosjektet vart samtidig utvida. Det har vore engasjert konsulent til arbeidet og arbeidsgruppa har vore på fleire synfaringar. Arbeidet vart ikkje slutført i 2018, men vert ført vidare i 2019.

g) Planarbeid mv. som kommunestyret har fatta vedtak om å utarbeide/utgreie skal følgjast opp i tråd med gitte rammer.

g) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.

i. Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen skal prioriterast .

ii. Kulturminneplan

iii. Plan for idrett og fysisk aktivitet

iv. Hamnsundsambandet

v. Revidering av beredskapsplan i samarbeid med dei andre kommunane i nye Ålesund

vi. Plan for sikker og stabil drikkevassforsyning

vii. Revidering av handlingsdelen av boligsosial handlingsplan

i. Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen har vore prioritert gjennom året. I forarbeidet til planen er det avhalde møter med fleire aktørar, både private og offentlege. Til saman kom det inn omlag 60 innspel/merknader, som ein i stor grad har teke omsyn til. Planen vart vedteken utlagd til 1.gongs offentlig ettersyn i planutvalet sitt siste møte i 2018. I 2019 ser ein føre seg at planen vert lagt ut til 2.gongs offentlig ettersyn. Om ein unngår vanskelege motsegner frå overordna myndigheit, tek ein sikte på å legge planen fram for vedtak i kommunestyret innan utgangen av 2019.

ii. Arbeidsgruppa for kulturminneplan har hatt fleire møte gjennom året, og har reist rundt i kommunen med tanke på å få betre oversikt over ting som kan høyre heime i planen. Kommunestyret har og fått orientering i eit kommunestyremøte. Arbeidet blir slutført i 2019.

iii. Arbeidet med rullering av planen for idrett og fysisk aktivitet har ikkje vore prioritert i 2018 med unntak av rullering av prioriteringslistene for aktuelle anlegg.

iv. I samband med at kommunedelplanen for Hamnsundsambandet låg ute til offentlig ettersyn kom det fram at det var vanskeleg å oppretthalde fastlandssambandet for Store Kalvøy som ein del av sambandet. Arealbrukskonfliktene var store og det var mellom anna reist motsegn til planen knytt til dette området. Det vart derfor lagt fram sak for kommunestyret med tanke på å utelate fastlandssambandet til Store Kalvøy i det vidare planarbeidet. Kommunestyret vedtok imidlertid at ein i tillegg til tunnel frå Hamnsund til Kverve skulle ta med fastlandsambandet til Store Kalvøy. Planarbeidet vert følgd opp av Hamnsundsambandet AS.

v. Det er sett ned ei eiga arbeidsgruppa innanfor nye Ålesund som arbeider med overordna ROS-analyser og beredskapsplanar i den nye kommunen. Haram kommunen deltek i dette arbeidet.

vi. Det vert arbeid med plan for sikker og stabil vassforsyning i kommunen. Arbeidet er ikkje ferdig og vert vidareført i 2019.

vii. Det er behov for å revidere handlingsdelen av boligsosial handlingsplan. Det har ikkje vore rom for å gjennomføre dette i løpet av 2018, men bør prioriterast i 2019.

h) Opfølging av kartlegging sarbeidet knytt til kvalitet (tenestelevering i forhold til forventingar) på utvalde tenestoområde

h) Beskrive tiltak, prosessar, status og utfordringar vidare

Det er gjort kartlegging knytt til brukarperspektivet og kvalitet i barnehagane. Resultatet av desse er sett i samanheng med arbeid knytta til sjukefråvær/10 faktor, og det vert laga heilheitlege handlingsplanar for å følgje opp dette arbeidet. Arbeidet med å følgje opp tiltak i handlingsplanen vil fortsette i 2019.

Andre ting innanfor brukarperspektivet som det vert rapportert om:

Omsorgstenester:

Kreftkoordinatorfunksjon: Dei siste åra har tal på brukarar som har nytte av denne funksjonen lagt stabilt på ca. 40.

Arbeidsoppgåver for kreftkoordinator er

- Sikre samarbeid mellom helsenivå og helseinstitusjonar.
- Palliativ omsorg
- Samtalar
- Samarbeid med kreftforeininga
- Bistand i forhold til seinplagar etter kreftbehandling
- Koordinering av pasientreiser
- Palliativ plan
- Veiledning

Demensteam: Stor pågang av «nye» brukarar. Tal på personar som fekk tenester frå demensteam var ca. 45.

Henvising kjem frå tildelingskontor, fastlege og kontakt frå pårørande.

Arbeidsoppgåver demensteam er

- Kartlegging, testing og retesting av brukarar
- Heimebesøk
- Støttesamtalar med pårørande
- Hjelp til å ta i bruk nye hjelpemiddel
- Undervisning og veiledning.
- Samarbeid med fastlege, pårørande og ulike helseinstitusjonar.
- Aktivitetsvenn
- Tiltakspakke demens

ØKONOMI OG RESSURSAR

Hovudmål	Haram kommune nyttar ressursane effektivt
Fokusområde 2018	Forpliktande tverrsektoriell og tverrfagleg samhandling . Førebuing/arbeid knytt til danninga av den nye kommunen.
Suksessfaktorar	Ø1 <ul style="list-style-type: none"> • Vise evne og vilje til samspel med omgivnadene og internt i organisasjonen. • Til ei kvar tid ha ei hensiktsmessig organisering • Ha god oversikt over og styring på økonomiske ressursar • God forankring i politiske organ

Årsrapport 2018:

Prestasjonsmål 2018	Måleparameter
Ø1 a) Økonomireglement og finansreglement skal vere ferdig revidert og vedtatt.	Ø1 a) Når økonomireglement og finansreglement er ferdig revidert og vedtatt.
Revidert økonomireglementet vart lagt fram og vedtatt av kommunestyret i desember. Finansreglementet vart ikkje behandla i 2018.	
Ø1 b) Saman med dei andre kommunane sikre etablering av eit heilskapleg ressursstyrings-system, herunder økonomi - og rekneskaps-system i den nye kommunen.	Ø1 b) Beskrive aktivitetar , utvikling, status/resultat og utfordring vidare.
Etablering av eit heilskapleg ressursstyringssystem, herunder økonomi - og rekneskapsystem i den nye kommunen inngår i arbeidet til ei av styringsgruppene i nye Ålesund. Styringsgruppa for stabsområdet Økonomi- og verksemdsstyring har ansvaret for dette, der også Haram kommune deltek. Arbeidet vil bli vidareført i 2019.	
Ø1 c) Aktuelle utgreiingar mv. skal vere ferdige og lagt fram sak på: i. Resultat av ROP - prosjekt (k - sak 099/17) ii. Spørsmål om evt. symjing i barnehagar (k - sak 095/17) iii. Korleis ein kan utnytte ledig areal ved Eidet omsorgssenter (k - sak 095/17) iv. Korleis ungdomsrådet kan medverke og føle seg inkludert i det politiske arbeidet (k - sak 095/17) v. Korleis kommunen kan få ei meir sikker og stabil vassforsyning (k - sak 095/17) vi. Utfordringar og kostnadar knytt til gravplassane framover (k - sak 095/17) vii. Utgreiing av ulike alternativ for samlokalisering av barnehagar og barneskular på Nordøyane (k - sak 088/17)	Ø1 c) Når aktuelle utgreiingar er ferdige og lagt fram sak på.

- i. Kommunestyret fekk hausten 2018 ei orientering om tenestene i Team for psykisk helse og rus; Dalebu bustader, Oasen dagsenter, samtaletilbod med psykiatriske sjukepleiarar og rustenesta . Her under også ROP-prosjektet som er gjennomført dei tre siste åra, om tilbod til personar med samtidig rus og psykisk lidning. Desse tenestene er no samla i eit team, for å sikre god samhandling og ressursnyting. Tenestene har ulik form, med vekt på å hjelpe den enkelte til meistring av kvardagen.
- ii. Det vart lagt fram sak til kommunestyret i april 2018 knytt til evt. symjing for barna i barnehagane. Det vart vedtatt å ikkje gi eit slikt tilbod.
- iii. Omsorgseininga var i kontakt med Ålesund kommune i januar 2018 vedk. evt. sal av ledig kapasitet ved Eidet omsorgssenter. Det vart ikkje aktuelt å starte eit slikt samarbeid på det tidspunkt, men det var semje om å ta opp igjen tråden dersom Ålesund såg det som aktuelt seinare. Kommunestyret gjekk inn for å ei slik ordning då saka var til behandling.
- iv. Kommunale planar som vert lagt ut til offentleg ettersyn og som er aktuelle for ungdomsrådet vert sendt over til ungdomsrådet for evt. behandling. I viktige planar som til dømes arealdelen av kommuneplanen har saksbehandlar vore til stades og orientert om prosessen og moglegheitene til å kome med innspel/merknadar. Ungdomsrådet har og vore involvert i arbeidet med danninga av den nye kommunen.
- v. Orienteringssak om kommunal vassforsyning vart lagt fram for kommunestyret i juni 2018. Fleire tiltak for sikker vassforsyning er under utgreiing og prosjektering av innleigde konsulentar. Dette gjeld m.a. oppgradering av produksjonsanlegget på Brenthaugen Vatne, høgdebasseng Haramsøy og oppgradering høgdebasseng i Vatne/Tennfjord-området. Fleire prosjekt for utskifting av gamal eternittleidning er gjennomført og/eller under arbeid. Dette gjeld på Austnes, Tennfjord Aust/Vest, og til Vadset.
- vi. Spørsmålet om utfordringar og kostnadar knytt til gravplassane framover vart sendt over til fellesrådet der dei skulle kome tilbake med nødvendige opplysningar hausten 2018. Dette vart dessverre ikkje mogleg å få til, men framgår delvis av budsjettkommentarane til fellesrådet til budsjettbehandlinga for 2019. Det blir opplyst i kommentarane at dei skal arbeide med ein verneplan for gravplassane, der ein ved å starte ved gravplassen på Haramsøya truleg kan utsette ei utviding der med 10 år.
- vii.. Denne saka vart utsett til etter at ein fekk ei avklaring i høve Nordøyvegen. Saka må sjåast i samanheng med organisering av tenestene i regi av Nye Ålesund.

Ø1	Ø1
d) Kommunale bygg som er vedtatt avhenda skal vere lagt ut for sal på den opne marknaden.	d) Når aktuelle bygg er lagt ut for sal på den opne marknaden
Det er gjennomført sal av fleire kommunale bygg i 2018. Dette gjeld	
Hildre skule	Kr 2.500.000
Gamle Vatne sjukeheim	Kr 4.200.000
Kveldsro	Kr 5.100.000
Leilegheit Grytastranda	Kr 900.000

ØKONOMIRAPPORT

Status på rekneskapen i forhold til budsjett– Vurdering frå einingane og stab/støtte

ANSVARSGRUPPE 10 – POLITISK:

Avvik rekneskap/budsjett kr - 464.376. (9,4% under budsjettet)

Budsjettet innanfor det politiske arbeidet har i 2018 vore romslegare enn siste åra, med ei relativt stor tilleggsløyvingspost. Dette saman med mindre møteaktivitet i politiske organ i Haram, samt refusjonar frå nye Ålesund kommune gjer at området kjem ut med eit overskot.

ANSVARSGRUPPE 11 – DIVERSE OG STAB/STØTTE:

Avvik rekneskap/budsjett kr - 129.611. (0,5% under budsjettet)

Området kjem ut med eit lite overskot samla. Innanfor delansvarsområda er det likevel variasjonar der ma. IKT kjem ut med høgare kostnader enn tidlegare. Det er og rekna for høge inntekter i forhold til bruk av bundne driftsfond innanfor næringsområdet som gjer at dette området kjem ut med meirforbruk. Høgare inntekter på andre område saman med ekstra løyving knytt til planarbeid gjer at ein likevel kjem ut med eit overskot samla.

ANSVARSGRUPPE 13 – TILSKOT KYRKJELEG FELLESRÅD MM.

Avvik rekneskap/budsjett kr - 389.200. (5,4% under budsjettet)

Overføringane til fellesrådet er som budsjettet. Overføringane til andre trussamfunn skjer normalt ved slutten av året, men har ikkje blitt utbetalt før i 2019. Summen utgjer kr 281.370. Eit par trussamfunn har førebels ikkje fått utbetalt tilskot med bakgrunn i pågåande sak sentralt knytt til medlemstal.

ANSVARSGRUPPE 21 – GRUNNSKULETENESTER:

Avvik rekneskap/budsjett kr – 207.632 (0,2 % under budsjettet)

Alle skulane i Haram fekk auka straumutgifter i 2018. Totalt for alle skulane utgjorde dette kr. 359.000. Auka sjukefråvær på 0,7% førte også til auka vikarutgifter. Samla kjem ein likevel ut om lag som budsjettet.

ANSVARSGRUPPE 23 - BARNEHAGETENESTER:

Avvik rekneskap/budsjett kr – 1.108.934 (1,4% under budsjettet)

Barnehage har eit mindreforbruk på om lag ein million kroner. Dette er knytt til mindre utgifter til KLP enn budsjettet og noko mindre tilskot til private barnehagar.

ANSVARSGRUPPE 25 – BARN, FAMILIE OG INTEGRERING:

Avvik rekneskap/budsjett kr 3.994.286 (8,6% over budsjettet)

Dei fleste tenestene er i hovudsak innanfor budsjettet. Dette gjeld også flyktningtenesta og vaksenopplæringa. Dei store overskridingane er knytt til spesielt to forhold:

- Lovpålagte tenester etter enkeltvedtak: Kommunen sin eigenandel er auka til vel 1.2 mill pr brukar. Haram kommune har fleire brukarar med omfattande behov for tenester som ikkje kjem opp på nivået som løyser ut refusjon frå staten.
- Utgifter til sosialhjelp er framleis over budsjett etter arbeidsløysetoppen, men utgiftsposten har gått ned kvart år frå 2017. Ein har auka bruken av kvalifiseringsstønad for å fremme aktivitet hos sosialhjelpsmottakarar.

ANSVARSGRUPPE 31 – HELSETENESTER:

Avvik rekneskap/budsjett kr 321.889 (0,6% over budsjettet)

Dei fleste tenestene er innanfor budsjettet, men for nokre av tenestene var det fleire usikre faktorar dette året.

- Dette var første heile året med kommunal drift av Vatne Legekontor, der ein prøver ut ein ny driftsmodell med fast tilsette legar. Det har vore vanskeleg å stipulere inntektene og rekruttering har vore så utfordrande at ein måtte nytta både vikarar og vikarbyrå i forkant av at nye faste legar kom på plass.
- Det har dei siste åra vore jamn auke i talet på bebuarar ved Butenesta. Ein gjennomgang av vedtak og tenestebehovet til brukarane, har vist auka behov. Ein del av tenestene utløyser tilskot til kommunen på deler av utgiftene til ressurskrevjande tiltak. Dette utgjør ein viktig forventa inntekt på budsjettet, men eigendelen for kommunen er likevel vel 1,2 til 2 mill kr for kvar enkelt brukar.

ANSVARSGRUPPE 33 – OMSORGSTENESTER:

Avvik rekneskap/budsjett kr 2.057.536 (1,5% over budsjettet)

Det vart i 1. og 2.tertial meldt betydelege overskridingar og usikkerheit knytt til resultatet på minimum 5 mill. for å oppretthalde drifta. Ei budsjettjustering på 5,5 mill viste seg ikkje å halde da overskridingane fortsette i 3.tertial og enda på vel 2 mill over justert budsjett. Overskridingane skuldast i all hovudsak:

- Sviktande brukarbetaling langtids plass
- Overtidsbruk
- Myke arbeid med nye Ålesund og frikjøp av tillitsvalde og verneteneste. Dette er tilsette som går i turnus og som ein må ha vikar for ved frikjøp.
- I periodar har vi ressurskrevjande brukarar som er over 67 år og som eininga ikkje får refusjon for frå staten.
- Auka utgifter til transportmiddel og drivstoff i heimetenesta.
- Straum har vore dyrare enn budsjettert
- Kompetansehevande tiltak for å kunne ta i bruk ny teknologi.
- Meirforbruk tildelingskontor grunna auka saksmengde.
- Bruk av vikarbyrå i mangel på fagpersonar og overtidsbetaling.
- Meirforbruk på medisinar og medisinske forbruksvarer

ANSVARSGRUPPE 51 – BYGGESAK, LANDBRUK OG AREALFORVALTNING:

Avvik rekneskap/budsjett kr. 366.004 (8,2 % over budsjettet)

Meirforbruket på kr. 366.000 skuldast i hovudsak større utgifter enn budsjettert til internkjøp av tenester frå Stab/støtte og Eigedom og teknisk drift (meirutgift på til saman kr. 476.000). I tillegg er det frå IKA utgiftsført leige av utstyr på kr. 138.000 for skanning av byggesaksarkiv. Om ein ser bort frå disse utgiftene har drifta gått med eit lite overskot. Dette skuldast ubrukte lønnsmidlar (vakant stilling i 6 månader), unytta konsulentmidlar og ein generell forsiktig bruk av varer og tenester som inngår i produksjonen.

ANSVARSGRUPPE 52 – EIGEDOM OG TEKNISK DRIFT:

Avvik rekneskap/budsjett kr 609.923. (2,9% over budsjettet)

Rekneskapet for ETD syner eit lite overforbruk på 2,9 % i forhold til ramma. Overforbruket er knytt til høge lønskostnadar for brann grunna stor og auka aktivitet med øvelser og utrykningar.

Tenestene for renovasjon, vatn, avløp, slam og feiing har eit forbruk som er godt innafor budsjetterte ramme.

ANSVARSGRUPPE 53 – KULTUR, FRITID OG MILJØ:

Avvik rekneskap/budsjett kr -626.115 (4,8% under budsjettet)

Området har eit stort mindreforbruk i 2018. I hovudsak skuldast dette at frivilligsentralen sto ubemanna i starten av året fram til mai. I tillegg har kulturskulen og fritidsordninga for funksjonshemma hatt lågare kostnadar enn budsjettert i 2018.

MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

Hovudmål	Haram kommune har medarbeidarar som deltek aktivt i eit utfordrande og tverrfagleg arbeidsmiljø, med rom for læring og utvikling
Fokusområde 2018	Forplikande tverrsektoriell og tverrfagleg samhandling . Førebuing/arbeid knytt til danninga av den nye kommunen.
Suksessfaktorar	M1 <ul style="list-style-type: none"> • Godt omdøme i forhold til å kunne rekruttere og behalde arbeidstakarar. • Samkøyrte leining på tvers av ulike tenesteområde og nivå i organisasjonen. • Medarbeidarar som har nødvendig kunnskap, ferdigheiter og haldningar

Årsrapport 2018:

Prestasjonsmål 2018	Måleparameter
M1 a) Kompetanseheving av leiarar i tversgåande oppgåver innanfor arbeidsgjevarepolitiske tema. (Det vert lagt til rette og gjennomført opplæring i HA, HTA, AML og anna aktuelt avtaleverk)	M1 a) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.
<p>Det er gjennomført ei 2.dagars felles leiarsamling med tversgåande tema knytt til <i>kommunereform</i> og <i>mestringsorientert leining</i>. Det vart i samlinga sett eit særleg fokus på nærværarbeid og sjukefråværsoppfølging.</p> <p>Knytt til sjukefråværsproblematikken har kommunen delteke i prosjektet NED i regi av KS, der ein spesielt har arbeidd med leiarar innanfor omsorg, helsetenester, reinhald og barnehage.</p> <p>Våre samarbeidspartnarar innanfor KS, BHT og NAV arbeidslivssenteret arrangerer kurs/konferansar med ulike temaer som aktuelle leiarar i kommunen deltek på. Rådmannen sin stab deltek elles i einingsmøter, der ein tek opp ulike aktuelle tema.</p>	
b) Følgje opp tiltaksplan for reduksjon av sjukefråværet. Målsettinga er maks. 7 % fråvær samla for heile organisasjonen . Det skal følgjast opp med tiltak spesielt der fråværet er høgst.	b) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare
<p>Alle verksemder med høgt sjukefråvær har vore med på gjennomføring av tiltaksplanen for reduksjon av sjukefråværet. Ein viser her til eige kapittel knytt til sjukefråværet.</p>	
c) Gjennomføre 10 - faktor medarbeidarundersøking i heile organisasjonen.	c) Når 10 - faktor medarbeidarundersøking er gjennomført i heile organisasjonen.
<p>Stab/støtte og barnehageeininga har gjennomført 10-faktor medarbeidarundersøking i 2018. Frå før hadde omsorgseininga gjennomført undersøkinga. Dei andre einingane har førebels ikkje gjennomført slik undersøking.</p> <p>Barnehageeininga har utarbeidd ein heilheitleg handlingsplan, der arbeidet med både sjukefråvær, medarbeidarundersøking, brukarundersøking og kvalitetsundersøking er grunnlaget for tiltak i handlingsplanen.</p> <p>Gjennomføring av 10 faktor medarbeidarundersøking vert vurdert for fleire verksemder i 2019, men er ikkje prioritert.</p>	
d) Sørge for god informasjon og brei involvering av leiarar og tilsette i arbeidet med danninga av ny kommune.	d) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.

Danninga av ny kommune er tema på leiarmøte og personalmøte rundt omkring i organisasjonen. Dei tilsette har elles tilgang til den informasjonen som vert lagt ut på portalen til nye Ålesund og evt. gjennom facebook. Det er også sendt ut fleire informasjonsbrev til tilsette på epost.

e) Sørge for at aktuelle medarbeidarar har god nok kompetanse knytt til innføring av velferdsteknologi.

e) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.

Helse og omsorg gjennomførte kursing av ca 40 tilsette i velferdsteknologiens ABC som er eit opplæringsprogram som skal bevisstgjere personell i forhold til andre måtar å arbeide på. Prosjektleiari innan velferdsteknologi arbeider tett opp mot lag og organisasjonar, ALV Møre og andre i helse og omsorgseininga, samt Eigedom og teknisk drift. Vi ser at det er tidkrevjande å endre tankegangen både for tilsette, pårørande og for brukaren sjølv, men at det nyttar å satse på velferdsteknologi.

Andre ting innanfor medarbeidarperspektivet som det vert rapportert om:

Omsorgstenester:

Vi har hatt fokus på kompetanseheving i eininga, og har ulike satsingsområde som det blir jobba fortløpande med både innan utdanning og auka fagutvikling.

Det har blitt satsa på auke av kompetanse både innan sjukepleie og helsefagarbeid. Vi har 3 personar som starta sjukepleieutdanning, og 11 personar som har vore lærlingar i helsefag. Vi har tilrettelagt for at assistentar skal få ta helsefagutdanning som praksiskandidatar.

Vi har sjukepleiarar i utdanning innan trygg legemiddelhandtering og sjukepleiar som har fullført utdanning i klinisk sjukepleie som er eit nasjonalt satsingsområde.

Kvardagsrehabilitering har vore ei satsing i kommunen som prosjekt frå februar 2018. Det har vore tilsett prosjektleiari i 100% stilling. Det har også blitt tatt ressursar frå heimeteneste og institusjon for å få dette til. Ei av målsettingane har vore å møte brukarane i eigen heim og trygge med trening og tilrettelegging for å redusere/unngå behov for institusjonsplass. Heimetrenarar har blitt opplært i kvar av avdelingane i heimetenesta for å få kontinuitet i treninga. Vi har i prosjektperioden sett at brukarar har unngått institusjonsopphald, og behov for plassar har blitt redusert. Antal timar heimeteneste har også blitt redusert for brukarar av kvardagsrehabilitering.

PROSESS OG FORNYING

Hovudmål	Haram kommune er i kontinuerleg og målretta utvikling, og tydeleg i si rolle som aktør i samfunnsutviklinga
Fokusområde 2018	Forpliktande tverrsektoriell og tverrfagleg samhandling . Førebuing/arbeid knytt til danninga av den nye kommunen.
Suksessfaktorar	P1 <ul style="list-style-type: none"> • Kvar for seg eller saman med andre identifisere og oppdatere aktuelle tiltak/prosessar som sikrar kvalitet og samordning, samt reduserte kostnader på sikt. • Implementering av tenlege verktøy i organisasjonen.

Årsrapport 2018:

Prestasjonsmål 2018	Måleparameter
P1 a) Delta aktivt i dei ulike delprosjekta knytt til kommunesamanslåing for å oppnå fastsette mål.	P1 a) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.
<p>Haram kommune har deltatt aktivt i dei ulike delprosjekta knytt til danninga av den nye kommunen og seinare i styringsgruppene og arbeidsgruppene etter at arbeidet vart omorganisert. Styringsgruppene for ulike sektorområde fekk først i oppdrag å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for tenesteområda med status, utfordringar og nasjonale og kommunale føringar. Vidare grunnlagsdokument for tenesteområda med satsingsområde, mål og strategiar for tenesteutviklinga samt forslag til organisasjonsplan for tenesteområda med forslag til organisering, lokalisering, roller og funksjonar.</p> <p>Det har vore mykje møteaktivitet og det er lagt ned eit omfattande arbeid i faggrupper og i dei ulike styringsgruppene. Gruppene var samansett av fagpersonar frå kvar av dei fem kommunane. Ein arbeidde med å få oversikt over måten ein arbeider på i dei ulike kommunane og samstundes vart fagpersonane kjende med kvarandre. Begge deler er positivt for det vidare samarbeidet. Det vart avlevert rapportar frå alle gruppene til prosjektleiinga før jul. Arbeidet vart brukt som grunnlagsmateriale av prosjektleiinga i den vidare vurderinga av faginndeling og organisering av den nye kommunen.</p>	
b) Folkehelse, universell utforming samt barn og unge sine interesser skal vere gjennomgåande tema i all planlegging.	b) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.
<p>Folkehelse, universell utforming samt barn og unge sine interesser har vore gjennomgåande tema i aktuelt planarbeid gjennom året.</p> <p>Folkehelse og livsmeistring er også gjennomgåande tema innanfor skuleverket og elevane får uttale seg gjennom elevråd.</p>	
c) Saman for barn og unge skal remobiliserast for å styrke tverrfagleg samhandling i organisasjonen, og for å førebu ivaretaking av perspektivet i ny kommune.	c) Når Saman for barn og unge er remobilisert og den forpliktande tverrfaglege samhandlinga er styrka.
<p>Saman for barn og unge (SFBU) har vorte remobilisert og det vert utarbeidd ein heilheitleg plan for psykisk helsearbeid knytt til barn og unge. Jfr. brukarpersektivet pkt. B1, c.</p>	

d) Etablere gode rutiner for oppfølging av nye lovkrav, her under nye personvernreglar.	d) Når aktuelle rutiner er etablert.
<p>§ 9A i opplæringslova som omhandlar trygt skulemiljø har ført til nye tiltaksplanar og prosedyrar for alle som arbeider i grunnskulen. Skulane har saman laga ein handlingsplan med aktivitetsplikt, tydelig ansvarsfordeling og ein eigen tiltaksplan.</p> <p>Kommunane som utgjer nye Ålesund har i fellesskap samarbeidd om kartlegging og oppfølging av nye lovkrav knytt til personvernreglar. Dei fleste kommunane i Møre og Romsdal samarbeider om personvernombod og har engasjert IKA Møre og Romsdal til å ha denne funksjonen. IKA har tilsett to personar som deler på oppgåvene, men som samtidig har eit spesielt ansvar for kvar sine grupper av kommunar.</p>	
e) Frigjere ressursar gjennom å ta i bruk nye verktøy.	e) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.
<p>Gjennom bruk av KS SvarUt vil kommunen kunne spare kostnader til utskrift og frankering av post. Førebels går for mange av sendingane til utskrift, men dette kan bli betre etter kvart som innbyggjarane blir meir vane med å bruke digital postkasse.</p> <p>Velferdsteknologi og bruk av andre nye verktøy vil etter kvart som det vert implementert i organisasjonen kunne gi gevinstar i form av innsparingar og frigjorte ressursar.</p>	
f) Implementering og evt revidering av rutiner knytt til oversikt, tildeling og utleige av bustadar.	f) Når nye rutiner er implementert og evt. revidert.
<p>Rutinane har ikkje vore gjennomgått i 2018, men bør gjennomgåast og evt. reviderast i 2019.</p>	
<p>Andre ting innanfor perspektivet for prosess og fornying som det vert rapportert om:</p>	
<p><i>Helsetenester:</i> Brukarmedverknad: Ved Oasen dagsenter har ein i samband med eit omfattande renoveringsarbeid i lokala til dagsenteret, gjennomført prosessen med stor del av brukarstyring/brukarmedverknad. Både riving av gamal innredning, planlegging av dei nye lokala og mykje av den praktiske gjennomføringa er gjort av brukarane. Dette med svært vellukka resultat.</p>	

9. ANALYSE AV REKNESKAPEN FOR 2018


1 DRIFTSREKNESKAPEN

Driftsrekneskapen for 2018 viser eit rekneskapsmessig resultat på pluss kr. 2 395 894. Sjå elles under pkt. 1.5.

1.1 Driftsutgifter og – inntekter

1.1.1 Driftsinntekter

Driftsinntektene i 2018 utgjer 705,8 millionar kroner, og fordeler seg slik:



Omlag tre firedelar av driftsinntektene til kommunen kjem frå skatt og rammetilskot, vel 73%. Inntekter frå brukarane av kommunen sine tenester står for til saman 11%. Refusjonar eller tilskot der det vert stilt krav til motyting frå kommunen si side er kalla overføringsinntekter. Dette gjeld t.d. dei fleste øymerka tilskot.

Skatteinntektene for 2018 var om lag 248,9 millionar, medan det var budsjettert med 266,5 millionar. Skatteinntektene var såleis ein del under budsjettert, men utjamning kompenserte for dette og endå litt.


Ordinært rammetilskot utgjorde i 2018 om lag 266,1 millionar kroner; 23,1 millionar høgare enn budsjettert. Auken i rammetilskot skuldast at det gjennom ordninga med løypande inntektsutjamning vert rammetilskotet justert i høve til skatteinntektene. Det kan sjå ut til at skatteinntektene no har stabilisert seg på eit noko lågare nivå enn tidlegare, ein god del i underkant av landsnittet. Utviklinga på landsbasis var betre enn anslaga i både startsbudsjettet og revidert, og slik leis gav ekstra inntektsutjamning til Haram.

Sett under eitt er driftsinntektene 35,3 millionar høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak positivt avvik i overføringar med krav til motyting på om lag 26,5 millionar kroner.

1.1.2 Driftsutgifter

Kommunen hadde i 2018 driftsutgifter på 702,7 millionar kroner. Utgiftene fordelt på art er vist i figuren nedanfor:

Driftsutgifter



Løn og sosiale utgifter er den største driftsutgiften til kommunen, og utgjør vel 65,2 %. Disse utgiftene kom på 458,3 millionar kroner, og er 2,7 millionar over det som var budsjettert. Isolert sett ligg lønsutgiftene endå meir over det budsjetterte (14,9mill), men sosiale utgifter er vesentlig lågare enn budsjettert.

Innsatsfaktorar gjeld kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen. Det som i figuren er kalla kjøp av tenester gjeld kjøp av tenester som erstattar eigen produksjon. Overføringar gjeld ytingar kommunen ikkje krev motyting for, t.d. ulike driftstilskot, sosialhjelp, m.m. Avskrivningar er eit uttrykk for kostnader knytt til at kapital er bunden opp i bygningar, vegar, tekniske anlegg o.l.

Dei totale driftsutgiftene er 36,2 millionar høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak auka lønsutgifter, auka innsatsfaktorar, auka overføringar til andre/private og auka avskrivningar.

1.2 Brutto driftsresultat

Rekneskapan viser eit positivt brutto driftsresultat på 3,155 millionar kroner. Ettersom ein i 2018 budsjetterte med eit positivt brutto driftsresultat på 4,1 millionar, blei altså brutto driftsresultat knappe 0,95 millionar dårligare enn budsjettert, dvs. om lag som budsjettert. Kommunen fikk imidlertid negativt brutto driftsresultat på -6,58 millionar kroner, litt betre enn budsjettert negativt netto driftsresultat -7,84 millionar kroner. Betydlig bruk av disposisjonsfond og andre fond er grunnlaget for budsjettert negativt driftsresultat. Manglende finansavkastning i 2018 gjorde at ein ikkje klarte å kompensere for dette som i 2017 da ein klarte å snu negativt budsjettert til eit positivt netto driftsregnskapsresultat.

Brutto driftsresultat skal dekkje netto finansutgifter og eventuelle avsetjingar. Over tid må såleis brutto driftsresultat vere positivt og minst like stort som netto finansutgifter.

1.3 Finansutgifter og – inntekter

Renter: Renteutgiftene vart i 2018 på 20,8 millionar kroner, om lag 5,3 million lågare enn budsjettet. Renteinntektene vart 9 millionar kroner. Dette er 5,8 millionar kroner meir enn budsjettet. Når ein ser vekk frå avkastninga på plasserte langsiktige midlar hadde kommunen netto renteutgifter på 11,75 millionar kroner, 11,2 millionar betre enn budsjettet.

Avkastning: Avkastninga på investeringsfondet vart i 2018 negativ om lag 1 millionar kroner. Det var budsjettet med positiv avkastning på 16 millionar kroner.

Avdrag: Kommunen betalte 29,5 millionar kroner i ordinære avdrag på sine lån (ekskl. startlån) i 2018, som budsjettet. Ekstraordinære avdrag andre utlån på 101 millionar er ført i investeringsrekneskapen. Størsteparten av avdraget er mottatt tilskot frå Husbanken på vel 99,5 mill i tilknytning Eidet Omsorgssenter. Tilskotet går til å dekkje nær halvparten av låneopptaket gjort i samband med bygginga. Avdraget er avset, men ikkje utbetalt per 31.12.18. Avdrag på startlån er betalt med 1,4 millionar kroner. Det er og avsett bunde avdragsfond for startlån på om lag 6,1 millionar.

Utlån: I driftsrekneskapen finn ein berre transaksjonar som gjeld utlån av eigne midlar og sosiallån. Formidlingslån/Startlån/Andre utlån vert rekneskapsført i investeringsrekneskapen. Rentene ligg i driftsrekneskapen.

Finansresultat: Rekneskapen viser eit negativt finansresultat på 42,2 millionar kroner, medan det var budsjettet med eit negativt finansresultat på 36,4 millionar.

1.4 Netto driftsresultat

Rekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på knappe 6,6 millionar kroner, medan det var budsjettet med eit negativt resultat på omlag 7,8 millionar kroner.

Netto driftsresultat viser kommunen sin evne til å fram skaffe midlar gjennom drifta til finansiering av investeringar eller andre kapitalformål.

For 2018 utgjer netto driftsresultat knappe -0,93% av brutto inntekter. Dersom kommunen sin formue skal oppretthaldast, bør netto driftsresultat vere om lag 1,75% av brutto inntekter over tid.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi ser på netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane.

1.5 Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk

Rekneskapen for 2018 er oppgjort med eit rekneskapsmessig overskot på kr. 2 295 894 etter alle avsetningar.

1.6 Prioritering – utgifter pr. føremål


Hittil i analysen er det sett på korleis kommunen sine inntekter fordeler seg på ulike inntektskjelder, og kva type utgifter desse inntektene vert brukt til. Det er også interessant å vite kva føremål inntektene vert brukt til.

Skatt, rammetilskot og andre generelle statstilskot kan kommunen disponere som den sjølv ønskje. Desse inntektene vert difor gjerne kalla frie disponible inntekter. Desse inntektene må dekkje netto finansutgifter, og den del av utgiftene til drift som ikkje vert dekkja gjennom øymerka tilskot. Korleis dei frie inntektene blir disponert viser seg gjennom korleis netto utgifter til drift fordeler seg på ulike føremål, og dette seier noko om kommunen sine prioriteringar.

1.6.1 Netto utgifter

Budsjettet for 2018 vart i kommunestyret vedteke med nettoløyvingar til 11 ansvarsområde/einingar. Figuren nedanfor viser korleis netto utgifter til drift fordeler seg på desse ansvarsområda.

Prioritering - netto utgifter til drift pr. eining




22,5% av midlane som vert brukt til drift av dei kommunale tenestene går til drift av grunnskulane. Omsorgstenester er no størst og står for drift av eldreinstitusjonar og heimebasert omsorg. 26,7% av nettoutgiftene står dette området for. Barnehagetenester som omfattar drift av dei kommunale barnehagane og tilskot til dei private, står for 14,8% av kommunens netto utgifter. Sosialtenestene, som omfattar sosialkontor, butenesta,

avlastingsbustadar og avlastningstiltak, samt flyktningkonsulent, blei i 2016 oppdelt mellom Helsetenester og Barn, familie og integrering. Helsetenestene, som også omfattar lege, fysioterapi, ergoterapi, tannhelse, psykiatri med meir står no for 11,3% av nettoutgiftene. Eininga stab/støtte/næring for 5,2% og Barn, familie og integrering, som også er barnevern, helsestasjon, jordmor og PPT, står også for 9,8% av nettoutgiftene. Eigeomsforvaltning og teknisk drift står får 4,2% av nettoutgiftene, mens Byggesak, landbruk og areal som i hovudsak er eit sjølvkostområde, berre om lag 0,9%

1.6.2 Brutto utgifter

Brutto utgifter indikerer volum på og kostnader knytt til produksjon av dei kommunale tenestene. Kapitalkostnader er inkludert som avskrivningar. Samanlikna med netto utgifter er fordelinga noko ulik. Dette skuldast at tenesteområda er ulike med omsyn til høve til å ta betaling frå brukarane, og med omsyn til kor vidt staten eller andre gjev direkte tilskot til drifta.

Brutto utgifter pr. eining



1.7 Budsjettavvik

Tabellen nedanfor viser avvik mellom rekneskap og budsjett i netto utgifter. Negativt forteikn tyder at faktisk forbruk er mindre enn budsjettet. Sjå elles kommentarar under – Økonomirapport – tidlegare i årsmeldinga.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik (R-B)	Avvik i %
10 Politisk	4 487 624	4 952 000	-464 376	-9,38 %
11 Stab/støtte m.m.	26 790 389	26 920 000	-129 611	-0,48 %
13 Tilskot kyrkjeleg fellesråd	6 778 800	7 168 000	-389 200	-5,43 %
21 Grunnskuletenester	115 285 368	115 493 000	-207 632	-0,18 %
23 Barnehagetenester	75 676 066	76 785 000	-1 108 934	-1,44 %
25 Barn, familie og integrering	50 489 286	46 495 000	3 994 286	8,59 %
31 Helsetenester	57 768 889	57 447 000	321 889	0,56 %
33 Omsorgstenester	136 612 536	134 555 000	2 057 536	1,53 %
51 Byggesak, landbruk og areal	4 823 004	4 457 000	366 004	8,21 %
52 Eigedom og teknisk drift	21 579 923	20 970 000	609 923	2,91 %
53 Kultur, fritid og miljø	12 317 885	12 944 000	-626 115	-4,84 %
SUM	512 609 772	508 186 000	4 423 772	0,87 %

INVESTERINGSREKNESKAP OG BALANSE

2.1 Investeringar i anleggsmidlar

Kommunen hadde i 2018 brutto investeringar på om lag 59,2 millionar kroner, mot 105,9 millionar i 2019. Året vart prega av mange mindre investeringar og ingen større prosjekt, men ein kan nemne rehabilitering av skuler og sjukeheim, tomtekjøp for ny fellesskule på Eidet, vegar og trafikktrygging, brannvern, industriområde, kommunehus, it-investeringar i administrasjon og spesielt skule, tilskot anlegg Fellestrådet, Enøk tiltak, samt diverse anlegg på veg og avlaup. Sjå eigen note i rekneskapet.

2.2 Andre utgifter i investeringsrekneskapen

Investeringar knytt til pliktig eigenkapitalinnskot i KLP er på kr 2 016 962 og ny aksjekapital i Haram Bygdebok AS på kr 4 300 000.

2.2.1 Formidlingslån og andre utlån

I 2018 betalte kommunen ut 15 millionar kroner i nye startlån. Dette blei finansiert gjennom nytt låneopptak, samt restlånemidlar frå tidlegare år. Alle transaksjonar som gjeld vidareutlån av midlar frå Husbanken blir ført i investeringsrekneskapen, men rentene i samband med slike lån førast i driftsrekneskapen. Det var ingen andre utlån i 2018.

2.3 Likviditet

2.3.1 Arbeidskapital

Frå 2017 til 2018 vart arbeidskapitalen auka med 73,2 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak ei auke i ubrukte lånemidlar og oppgjering av likviditetslån i forbindelse avslutting på investeringsprosjektet Eidet omsorgssenter.

Arbeidskapital er definert som omløpsmidlar fråtrekt kortsiktig gjeld, og kan sjåast på som eit uttrykk for handlingsrom. Ein stor del av kommunen sine omløpsmidlar består av aksjar og obligasjonar, og har avgrensa likviditet. Verdien på desse plasseringane varierer, og det er difor uheldig om kommunen må realisere desse verdiane på ugunstige tidspunkt. For å seie meir om likviditeten bør ein difor også sjå på dei mest likvide omløpsmidlane, bankinnskot, i høve til kortsiktig gjeld.

2.4 Finansiering


Mesteparten av utgiftene er finansiert gjennom bruk av lånemidlar på totalt 56,7 millionar kroner, 41,7 millionar eksklusiv startlån og andre utlån. Andre finansieringskjelder er blant anna statstilskot, salsinntekter og refusjonar.

2.5 Låneopptak i året og total gjeld ved utgangen av året

Det vart tatt opp 51,5 millionar kroner i nye lån. Av dette 20 millionar kroner i startlån i Husbanken.


Langsiktig gjeld ved utgangen av 2018 var kr. 967,1 mill. kroner, og er ein reduksjon på 11,1 millionar i høve til 2017. Nettogjelda, gjeld eksklusiv vidareutlån, utgjer 852,5 millionar kroner. KOSTRA definert lånegjeld pr. innbyggjar (KOSTRA) på kr 94 473, mot kr 88 993 i 2016. Som forventa har lånegjelda gått noko ned i 2018 etter siste investeringstilskot for det nye omsorgssenteret på Eidet om omgjering av likviditetslån/forskutteringslån.

Utvikling lånegjeld




Belasta nettoavdrag i 2018 utgjorde 131,9 millionar kroner, inkl. ekstraordinære avdrag på 101 millionar kroner på investeringar (avdrag startlån er halde utafør). Gjennomsnittleg nedbetalingstid for lånegjelda er på 28,9 år. Utviklinga i total gjeld, avdrag og nedbetalingstid er vist i figurane.

Gj.sn. nedbetalingstid




Renteutgiftene i prosent av gjelda har minka noko i høve til i fjor. Dette skuldast i hovudsak lave renter i 2018 og nedgang i rente på sikringar. Ordinære avdrag i høve til gjeld utgjer kr. 29,5 millionar kroner for 2019. Med ekstraordinære avdrag utgjer betalte avdrag 12,9% av gjennomsnittleg gjeld for 2018, grunna det ekstraordinære avdraget knytt til Eidet omsorgssenter.

Renter og avdrag i % av gjennomsnittleg gjeld



Totalbilde Aktiva - Passiva



Når ein skal vurdere kommunens gjeldsbelastning og risiko, er det særst viktig å dele opp gjelda for å syne kva som er kva. Figuren over syner dette og gir eit meir nyansert bilete enn KOSTRA-tala.

Kommunen svarar sjølv for den vanlige gjelda, om lag 471 millionar kroner. Ein må også sjå dette saman med aktiva sida som for Haram kommune er på vel 398 millionar kroner (finansplasseringar, samt unytta lånemidlar plasserts om likviditet). Totalbilete syner difor ein lav renterisiko, her illustrert med den gule/raude boksen, om lag 72,9 millionar kroner av ei total gjeld på 967,1 mill. kroner.

Haram kommune hadde fram til 2011 ca. 20% rentesikring (150 millionar), gjennom ein renteswap som gjekk til 2016, denne vart forlenga til 2021. På grunn av gode rentevilkår ved inngangen på 2014 vart det i tillegg sikra ein større del, omlag 30% fordelt på 5 og 10 år.

3 ØKONOMISKE NØKKELTAL

	R-2015	R-2016	R-2017	R-2018
Skattedekningsgrad	36,0 %	38,3 %	34,9 %	35,4 %
(skatt / brutto driftsutg. eks. renter og avdrag)				
Rammedekningsgrad	39,0 %	36,0 %	38,0 %	37,9 %
(rammetilskot / brutto driftsutg)				
Skatt & rammedekningsgrad	75,0 %	74,3 %	72,9 %	73,3 %
Lånefinansiering	81,0 %	78,7 %	80,4 %	85,9 %
(bruk av lån nybygg & anlegg / bruttoinvest.)				
Eigenfinansieringsevne	2,0 %	0,7 %	15,6 %	-13,6 %
(netto driftsresultat / bruttoinvesteringar)				

Skattedekningsgraden er knapt høgare enn for 2017. Rammedekningsgraden om lag som i fjor. Ordninga med løypande inntekstutjamning gjer at ein bør sjå utviklinga i dei frie inntektene samla. Sett under eit dekkjer skatt og ramme noko meir enn dei gjorde i 2017.

Lånefinansieringsgraden er på 85,9 prosent, noko høgare enn i fjor. Eigenfinansieringsevna viser at kommunen har lite høve til å dekke investeringane utan lånemidlar da ein treng tilstrekkeleg buffer på driftssida. Det er også lite formålstenleg for ei kommune å ikkje lånefinansierte investeringar da det heilt klart er det mest økonomisk gunstige.

4 MIDLAR PLASSERT I AKSJAR, OBLIGASJONAR OG LIKVIDITETFOND

Ein vesentleg del av kommunen sine omløpsmidlar er plassert i aksjar, obligasjonar og likviditetsfond. Utviklinga på børsen påverkar verdien av denne porteføljen, og året 2018 gav marginalt negativ avkastning.

Plasseringa og avkastninga for 2018 går fram av tabellane nedanfor:

AKSJER OG OBLIGASJONER

	Innestående	Uttak/innskudd	Bokført avkast.	Bokført verdi
	31.12.2017	i året	2018	31.12.2018
Carnegie Aktiv Forvaltning	68 832 486	-69 599 544	767 058	0
Odin Forvaltning	0	55 000 000	-1 104 678	53 895 322
Spbmøre Aktiv Forvaltning	66 859 598		-1 666 134	65 193 464
Forte Fondsforvaltning	62 069 110		935 757	63 004 867
Pareto Forvaltning ASA	83 112 002	-20 000 000	-606 667	62 505 335
NMK - Plassering	14 455 000	-621 578	621 578	14 455 000
SUM	295 328 196	-35 221 122	-1 053 086	259 053 988

LIKVIDITETFOND

	Innestående	Uttak/innskudd	Bokført avkast.	Bokført verdi
	31.12.2017	i året	2018	31.12.2018
Pareto Likviditet	12 341 731		234 822	12 576 553
Forte Likviditet	22 132 607		493 323	22 625 930
SUM	34 474 338	0	728 145	35 202 483



HARAM

World-Class Team Builders



Foto: Peder Otto Dybvik